

HENDINGAR I DEN
UMIDDELBARE
UVERKELEGHEITA



MAX BLECHER

HENDINGAR I DEN
UMIDDELBARE
UVERKELEGHEITA

SLOW FIRE PRESS

OSLO 2023



I pant, I sink, I tremble, I expire
PERCY BYSSHE SHELLEY



I

Når eg stirar lenge på eit bestemt punkt på vegg, skjer det av og til at eg ikkje lenger hugsar kven eller kor eg er. Eg erfarer då identitetstapet mitt på avstand: som om eg for ein augneblink er blitt ein fullstendig framand person. Denne abstrakte figuren og den verkelege personen min konkurrerer då med lik styrke om å vere den mest overtydande. I neste augneblink finn identiteten min seg sjølv igjen, som når dei to bilda i eit stereoskop skil seg og får tilbake den tredimensjonale djupneillusjonen først når framvisaren rettar på dei. Rommet verkar då friskare enn nokon gong. Det finn att den tidlegare forma si, og tinga finn plassen sin, slik ein jordklump oppløyst i ei flaske vatn legg seg i tydeleg avgrensa lag av element

med ulike fargar. Elementa i rommet tar tilbake sine egne konturar og kuløren dei har i minnet mitt.

Kjensla av avstand og einsemd i dei stundene kvardags-eget mitt har løyst seg opp til noko formlaust, skil seg frå alle andre kjensler. Når den varar ved, går den over i redsle, ein skrekk for at eg aldri skal klare å finne meg sjølv igjen. I det fjerne ruvar ein vag silhuett kringsett av sterkt lys, som ein gjenstand tapt i tåka.

Det forferdelege spørsmålet «Kven er eg egentleg?» lever då i meg som ein heilt ny kropp med ukjend hud og ukjende organ. Svaret krev eit klårsyn som er djupare og meir grunnleggande enn det hjernen kan komme opp med. Alt som er i stand til å bevege seg inni meg, beveger seg, kjempar og gjer eit meir intenst, fundamentalt opprør enn i dagleglivet. Alt tiggjar om ei løysing.

Av og til kjem eg tilbake til rommet slik eg kjenner det, som om eg berre har lukka og opna auga igjen, men kvar gong er rommet klårare, slik eit landskap i kikkerten blir tydelegare når ein juste-

rer fokuset og trenger gjennom alle mellomliggende bildeslør.

Til slutt kjenner eg att meg sjølv og finn det faktiske rommet igjen. Det er ei kjensle av lett rus. Rommet er eksepsjonelt sanseleg fortetta, og sjølv har eg vendt uforsonleg tilbake til overflata: Like djup som utydelegheitas bølgedal har vore, like høg er no toppen; aldri, og ikkje under noko anna omstende, er det meir openbert enn då at kvar gjenstand må ha akkurat den plassen den har, og at eg må vere den personen eg er.

Kampen mot uvissa har ikkje lenger noko namn; det er heilt enkelt eit vonbrot over at eg ikkje har funne noko i dette djupet. Eg blir likevel forundra over at ei total meiningsløyse kan vere så sterkt knytt til den inste materien min. Når eg no har funne meg sjølv igjen og forsøker å uttrykke kva eg kjenner, verkar den fullstendig upersonleg: ei enkel overdriving av identiteten min, vaksen fram som ein kreftsvulst frå sin eigen substans. Ein manettentakel som har forvilla seg bort og famlar fortvilt i bølgiene

til den endeleg når tilbake til geléklokka. I løpet av nokre urolege augneblinkar har eg på denne måten gjennomgått alle visser og uvisser i eksistensen berre for å smertefullt og definitivt komme tilbake til einsemda mi.

Det er då ei reinare, meir opphøgd einsemd enn den føregåande. Kjensla av at verda er på avstand, er klårare og meir inderleg, ein lys og krystallklår melankoli, lik ein draum vi hugsar i nattas mørke. Den aleine minner meg om det gåtefulle og vemodige mysteriet som omringar *anfalla* i barndommen. I dette plutslege identitetstapet møter eg på nytt falla mine ned i fortidas fordømte plassar, og i augneblinkane av klårsyn som følgjer umiddelbart etter tilbakevendinga til overflata, verkar verda meningslaus og ubrukeleg, i den same merkelege atmosfæren som tok form rundt meg då dei hallusinatoriske transetilstandane mine knekte meg.

Det var alltid dei same stadene på gata, i huset eller hagen som framkalla *anfalla*. Så snart eg sette min fot

der, blei eg ør og heldt på å svime av. Som ekte feller utplasserte her og der i byen, usynlege og umoglege å skilje frå lufta rundt dei, låg dei glupske og venta på at eg skulle bli bytte for den særskilde atmosfæren dei utstrålte. Om eg berre tok eitt einaste skritt inn på eit slikt *fordømt område*, var ikkje anfallet til å unngå.

Eitt slikt område var i byparken, i ei lita glenne i enden av ein allé der ingen nokosinne gjekk. Den kringliggande vegetasjonen av nypebusker og småvaksne robiniar opna seg på ein stad mot ei tom og aude slette. Det fanst ikkje ein meir gledelaus og forlaten stad i heile verda. Stilla låg tung på dei støvete blada til buskene i den trykkande sommarvarmen. No og då høyrdest ekkoet frå trompetane til regimentet. Dei utstrekke signala lydde hjarteskjerande triste i tomheita. Langt borte skalv solffimmet som gjennomsiktig damp over ei kokande væske.

Plassen låg avsides og forlaten, einsemda var uendeleg. Her kjendest den heite dagen meir trøytande, og lufta var meir trykkande å puste i. Dei støvete buskene stod og gulna i sola i ein atmo-

sfære av fullkommen isolasjon. Ei merkeleg kjensle av meiningsløyse sveva over denne glenna, *ein plass i verda*, ein stad der eg hadde råka til å hamne ein sommarettermiddag, som om også den var utan mening. Ein ettermiddag som hadde gått seg vill i solsteiken, blant vegetasjonen forankra stadleg *ein plass i verda*. Då kjende eg endå djupare og meir smertefullt at eg ikkje hadde noko her i verda å gjere, ikkje anna enn å drive kring i parkar – i støvete, solsvilde, fortvilte, aude glenner. Men det var eit kringdrivande som skulle føre til ei smertefull erfaring.

Ein annan fordømt plass låg i den motsette utkanten av byen ved dei høge, lause elvebreiddene der eg bada med leikekameratane mine.

På ein stad hadde elvebreidda rasa saman. Rett ovanfor var det ein fabrikk for utvinning av olje frå solsikkefrø. Frøskala hadde blitt kasta ned i den samanraste delen av breidda, og med tida hadde haugen av tørre skal vakse seg så høg at den danna ei skråning frå toppen og heilt ned til vasskanten.

Kameratane mine pla ta seg til vatnet ned langs denne skråninga, hand i hand, forsiktig vassande gjennom dei rotne skala. Den høge breidda på den eine sida og skråninga på den andre var fulle av merkelege ujamnskapar. Regnet hadde meisla ut langstrekte arabeskar, nøye teikna, men stygge som dårleg heila kjøttsår. Det var ekte kjøttremser, forferdelege gapande sår i leira på breidda.

Mellom desse veggane, som gjorde djupt inntrykk på meg, var også eg nøydd til å vasse ned til vatnet.

Allereie på lang avstand blei nasebora fylte med lukta frå dei røtnande skala. Den var ei kort inkubasjonstid som førebudde meg på *anfallet*; ei lukt som var ubehageleg og likevel tiltalande. Akkurat som anfalla.

Ein stad inni meg delte luktesansen seg, og den ekle stanken av røte nådde ulike destinasjonar. Den geléaktige eimen frå dei oppløyte skala var utprega og tydeleg skild frå – og likevel del av – den behagelege, varme og trivelege dufta frå rista hassel-

nøtter. Så snart eg la merke til lukta, forvandla den meg på nokre augneblink, den skylde rikeleg gjennom dei indre fibrane mine og løyste dei opp, erstatta dei med ein meir luftig, meir ubestemd materie. Og frå den stunda slapp eg ikkje unna nokon ting, i brystet mitt oppstod ei behageleg, bedøvande ørske som dytta meg i retning av elvebreidda, plassen for det definitive nederlaget mitt.

I halsbrekkande fart sprang eg utanfor skalskråninga ned mot vatnet. Den motstanden lufta gav meg, var kvass og sterk som eit knivblad. Verdsrommet styrta seg kaotisk ned i eit enormt hol med ufatteleg tyngdekraft. Kameratane mine stira med skrekk på den ville, stupbratte ferda mi. Lengst nede var breidda veldig smal, og det minste feilsteg ville sendt meg ned i elva der kvervane på overflata vitna om eit stort djup.

Men sjølv visste eg ikkje heilt kva eg gjorde. Vel nede ved vatnet runda eg i same fart skråninga med skal, og sprang fram til eit punkt på strandkanten der den bukta seg innover. Lengst inne i bukta hadde det danna seg ei lita grotte, ei skuggefylt hule,

sval som eit lite rom hogga ut av eit berg. Der steig eg inn og fall saman, sveitt, utmatta og skjelvande frå topp til tå.

Etter å ha komme meg litt klarte eg å skilje den fortrulege og enormt tiltalande innsida av grotta, der ei kjelde rann stille fram og breidde seg over golvet og blei til ein liten dam med klårt vatn som eg lente meg over, og eg fekk ikkje nok av dei herlege blondene i den grøne mosen; mark som sat fast på trefliser; rusta, sølete jernskrot; vrimmelen av smådyr og gjenstandar nede på botnen i det fantastisk vakre vatnet.

Sett bort frå desse to fordømte plassane tapte resten av byen seg i ein masse av einsarta banalitet, med hus som var til forveksling like, med plagsamt urørlege tre, med hundar, aude plassar og støv.

I stengde rom oppstod anfalla derimot lettare og oftare. Vanlegvis kunne eg ikkje utstå å vere aleine i eit ukjent rom. Om eg var nøydd til å sitte og vente, kom den søte, forferdelege kjensla av ør-

ske allereie etter nokre augneblink. Rommet sjølv førebudde seg på den: Ei varm og inderleg kjensle kom piplande ut frå veggane og spreidde seg over alle møblar og gjenstandar. På eit blunk var rommet sublimt, og eg kjende meg svært lykkeleg der. Men dette var ikkje anna enn ei bedragerisk side ved anfallet, eit subtilt og utstudert lite triks. I den augneblinken som følgde lykkekjensla mi, blei alt snudd til sin motsats og blei eit einaste virvar. Eg kikka rundt meg med vidopne auge, men tinga hadde mista si vanlege meining og var dekte over av sin nye eksistens. Det ytre ved tinga blei ubeskriveleg nytt, som om dei hadde blitt fridde frå eit tynt, gjennomsiktig papir dei hadde vore pakka inn i. Det var som dei hadde fått ein fantastisk, ny og overlegen funksjon som eg forgjeves anstrengde meg for å forstå.

Men ikkje nok med det: Tinga hadde blitt gripne av ein ekte fridomsrus. Dei blei uavhengige av kvarandre, ei uavhengigheit som ikkje berre handla om isolasjon, men òg om ekstatisk jubel. Entusias-

men til tinga over å eksistere i eit nytt lys greip også meg: Sterke krefter batt meg til dei med usynlege nettverk og gjorde meg til ein gjenstand blant alle andre i rommet, på same måte som eit organ implantert i levande vev gjennom subtile substansendingar blir integrert i ein framand kropp.

Ein gong under eit anfall kasta sola ein liten kaskade med strålar over veggen, som eit uverkeleg, gyllent vatn marmorert i lysande bølger. Eg såg også hjørnet av eit bokskap med breie, skinninnbundne bøker bak glaset, og desse verkelege detaljane, som eg registrerte gjennom avstanden i ørska mi, bedøvde meg som ei siste inhalering av kloroform. Det var det vanligaste og mest velkjende ved tinga som forstyrra meg mest. Dei må ha blitt sett på så mykje at overhuda deira var blitt sliten ut, dei verka så hudlause at dei kunne begynne å blø: levande, ubeskriveleg levande.

Klimakset i anfallet var ein svevande tilstand utanfor tilværet, behageleg og smertefull på same tid. Om eg hørde steg, fekk rommet raskt tilbake den tidlegare utsjånaden sin. Mellom dei fire veggane

oppstod då ei urørleg samansøkking, ei uendeleg lita, knapt fornembar forminsking av det opphøgde i rommet; dette gjorde meg overtydd om at den vissa eg levde i, var skild frå verda av uvisse med ei svært tynn hinne.

Eg vakna gjennomsveitt i det gamle, velkjende rommet, trøytt og oppfylt av kjensla av meiningsløyse i tinga som omringa meg. Eg la merke til nye detaljar i dei, på same måte som ein nokre gonger oppdagar nye trekk ved ein gjenstand ein har nytta dagleg gjennom ei årrekke. Minnet av katastrofen hang att i rommet lik ei svak svovellukt etter ein eksplosjon. Eg betrakta dei skinninnbundne bøkene bak glaset i bokhylla og oppfatta i urørlegheita deira eit lumsk teikn på forræderi og samansverjing. Gjenstandane omkring meg gav aldri slepp på den løyndomsfulle haldninga si, men let den bli verande utemd i den strenge passiviteten deira.

*

Vanlege ord er ikkje gyldige på visse djup i sjela. Eg forsøker å skildre anfalla nøyaktig, men eg finn berre bilde. Det magiske ordet som kunne overført essensen i dei, ville måtte låne essensen frå andre aspekt ved livet, og bli destillert fram av desse som ei ny duft frå ein kunstferdig komponert parfyme. Ordet ville måtte romme noko av den forvirringa som grip meg når eg betraktar ein person i verkelegheita og deretter følgjer gestane hennar merksamt i ein spegel; vidare noko av den svimmelheita idet ein mistar fotfeste i draumen og erfarer den påfølgjande ugløy-melege augneblinken når skrekken spring langs rygg-rada, eller noko av disen og gjennomsiktigheita som vi finn i dei merkelege scenarioa i krystallkuler.

Eg misunnte menneska rundt omkring som var hermetisk inneslutta i hemmelegheitene sine og isolerte frå tyranniet til gjenstandane. Dei levde som fangar i ytterfrakkar og kapper, men ingenting frå utsida kunne terrorisere eller overvinne dei, og ingenting trengde inn i dei forunderlege fengsla deira. Mellom

meg og omverda eksisterte ingen avstand. Alt som omringa meg, invaderte meg frå topp til tå, som om huda var ein sil. Den merksemda eg såg meg rundt med, om enn tankespreidd, var ikkje noka enkel viljehandling. Verda stakk utan vidare alle sine tentaklar inn i meg; eg var gjennombora av hydraens tusenvis av armar. Til mi fortvilning var eg nøydd til å konstatere at eg levde i den verda eg såg. Eg kunne ikkje gjere noko med den saka.

Anfalla var i like stor grad avhengige av meg sjølv og av plassane der dei utspelte seg. Sant nok hadde visse plassar ein eigen *personleg* vondskap, men alle dei andre var sjølv i ein transe lenge før eg kom dit. Slik var tilfellet med visse rom der eg kjende at anfalla blei utkrystalliserte frå melankolien i det urørlege og av den grenslause tomheita som rådde der.

Men som ei slags jamvekt mellom meg og verda (ei jamvekt som drog meg endå meir håplaut ned i den råde materiens uniformitet) blei overtydinga om at gjenstandane kunne vere harmlause likestilt

med den skrekken som dei av og til fylte meg med. Harmløysa deira kom frå ein universell mangel på kraft. Eg ana at ingenting i denne verda kunne bli fullført, at det er umogleg å fullbyrde noko som helst. Også det brutale ved tinga gjekk sin gang. På denne måten blei det født ei førestilling i meg om det ufullkomne i alle fenomen i tilværet, også i dei overnaturlige.

I ein indre dialog som eg trur aldri tok slutt, trassa eg av og til dei vonde kreftene omkring meg, mens eg andre gonger var simpel og smiskande. Eg tillet meg sære, men ikkje meiningslause, ritual.

Om eg gjekk heimanfrå og etter ulike avstikkerar alltid tok den same vegen heim igjen, så var det for å ikkje lage ein sirkel der hus og tre skulle bli stengde inne. Slik sett var vandringane mine ein tråd, og om eg ikkje, når eg ein gong hadde lagt den ut, fekk nøsta den opp igjen på vegen tilbake, ville tinga som hadde blitt fanga i løkka under vandringa, for alltid vere djupt, evig og ugjenkalleleg knytte til meg.

Om eg gjekk i regnvêr og unngjekk bekkene og tråkka på steinane, så var det for å ikkje tilføre noko til vatnet sin aktivitet og for ikkje å gripe inn i utøvinga av dei elementære kreftene.

Elden reinsa alt. Eg hadde alltid ei fyrstikk-eske i lomma, og når eg var særskilt sorgtung, tente eg ei fyrstikk og drog hendene gjennom flammen, først den eine, så den andre.

I alt dette låg ein slags tilværets melankoli og ein slags tortur, normal og organisert innanfor rammene for livet mitt som barn. Med tida forsvann anfalla av seg sjølv, men ikkje utan å etterlate eit sterkt og vedvarande minne. Då eg nådde puberteten, fekk eg ikkje lenger anfall, men den tilstanden av skumring som gjekk føre dei, og den påfølgjande kjensla av tilværets djupe meiningsløyse blei så å seie den naturlege tilstanden min.

Meiningsløysa fylte opp holromma i verda lik ei væske som flyt i alle retningar, mens himmelen over meg, den evig korrekte, absurde og udefinerbare himmelen, tok på seg ein farge av fortviling.

I denne meningsløysa som omringa meg,
og under denne evig fordømte himmelen vandrar eg
omkring den dag i dag.



II

Legen som blei konsultert for anfalla mine, konkluderte med å uttale det underlege ordet «sumpfeber». Eg blei svært overraska over at dei hemmelege og intime lidingane mine hadde eit namn, og at det i tillegg var så merkeleg. Legen skreiv ut resept på kinin, noko som også var overraskande. Eg kunne ikkje forstå korleis dei sjuke plassane skulle bli kurert med kininet som *eg* tok. Men det mest forvirrande var legen sjølv. Lenge etter undersøkinga heldt han fram med å leve og bevege seg i minnet mitt med små automatiske gestar styrt av ein utrøyttelig mekanisme som eg ikkje klarte å forhindre.

Han var ein kortvaksen kar med eggforma hovud. Den smale undersida av egget gjekk over i eit

svart skjegg som stadig bevegede seg. Dei små fløyels-
auga hans, dei rykkete gestane og trutmunnen fekk
han til å likne ei mus. Det var heilt frå starten av
eit så sterkt inntrykk at det var heilt naturleg då eg
etterpå hørde han snakke og han både lenge og vel
rulla r-ane sine skarpt ut, som om han under samtalen
heile tida sat og gnog på noko som ikkje syntest.
Kininet han gav meg, styrkte berre overtýdinga mi
om at det var noko museaktig ved han, og det heile
blei stadfesta på eit merkeleg vis og heng så tett saman
med viktige forhold i barndommen min at eg
trur hendinga fortener å bli gjenfortald.

I nærleiken av huset vårt var det ein symaskinbutikk
som eg besøkte fleire timar kvar dag. Innehavaren
var ein ung mann som heitte Eugen, som akkurat
hadde fullført militærtjenesta og no ville livnære seg i
byen med å drive butikk. Han hadde ei eitt år yngre
søster som heitte Clara. Dei budde saman ein stad i
utkanten av byen og styrte med butikken om dagane.
Dei hadde verken kjenningar eller slektningar.

Butikken bestod av eit enkelt utleigerom som for første gong blei brukt til handelsverksemd. Veggane hadde framleis stuefargen sin, med lilla syringirlandrar og rektangulære, mørkare spor etter bilde. Midt i taket hang framleis ei bronselampe med mørkeraud majolikaskjerm, dekorert langs kantane med grønne akantusblad i relieff. Det var ein rikt ornamentert gjenstand, gammal og umoderne, men imponerende. Den likna eit gravmonument eller ein veteran i ein parade iført den gamle generalsuniforma si.

Symaskinene stod oppstilte i tre velordna rekker med breie gangar mellom, heilt inn til veggen. Eugen var kvar morgon nøye med å vatne golvet ved hjelp av ein blekkboks med hol i botnen. Vasstrålen var svært tynn, og Eugen teikna kunstferdige spiralar og åttetal på golvet. Av og til signerte han det heile og skreiv dagens dato. Og sjølsagt måtte også veggen få liknande kunststykke.

Lengst inn i butikken stod ein skjermvegg med spiler som skilde ein slags alkove frå resten av rommet; eit grønt draperi dekte opninga. Der inne heldt

Eugen og Clara til, der åt dei lunsj for å sleppe å forlate butikken i løpet av dagen. Dei kalla rommet for kunstnaralkoven, og ein dag høyrde eg Eugen seie: «Det er ein ekte artistlosje. Og når eg går ut i butikken og pratar ein halvtime for å få selt ei symaskin, er det ikkje då som om eg spelar ein komedie?» Han la til i ein filosofisk tone: «Livet er jo stort sett reine teateret.»

Bak draperiet spelte Eugen fiolin. Han la notane på bordet og stod bøygd over dei og tolka tolmodig den kompliserte noteskrifta, som om han vikla ut eit trådnøste med mange knutar for å plukke fram ein einsam, tynn tråd, den som var meloditråden. På ei kiste stod ei lita fotogenlampe og brann om ettermiddagane. Den fylte rommet med eit dødt lys og spreidde den enorme skuggen til fiolinisten over veggane.

Eg drog dit så ofte at eg med tida blei eit slags besøkande møbel, ei forlenging av den gamle voksdukkledde sofaen der eg sat utan å røre meg det minste, ein ting som ingen brydde seg om og hel-

ler ikkje forstyrra nokon. Lengst inne i alkoven stelte Clara seg. Ho hadde kjolane sine i eit lite skap og spegla seg i ein sliten spegel som stod lent mot lampa på kista. Spegelen var så gammal at sølvbelegget her og der var skrapa heilt bort, slik at tinga bak glaset syntest og flaut saman med spegelbildet, som på eit dobbelteksponert fotografi.

Av og til kledde ho nesten heilt av seg og vas-ka seg med eau de cologne i armholene, løfta usje-nernt på armane og brysta og stakk handa inn mel-lom underkjolen og kroppen. Underkjolen var kort, og når ho bøygde seg fram, såg eg dei vakre beina i full lengd i dei stramme strømpene. Ho var heilt lik ei halvnaken kvinne eg ein gong hadde sett på eit pornografisk postkort som ein landstrykar hadde vist meg i parken. Synet vekte den same ubestemte svim-melheita som det obskøne bildet, eit slags tomrom som oppstod i brystet samtidig som eit forferdeleg seksuelt begjær sette klørne i skrittet på meg.

Eg sat alltid på same plass i *alkoven*, på sofaen bak Eugen, og venta på at Clara skulle bli ferdig med

å stelle seg. Då ho gjekk ut i butikken, passerte ho mellom meg og broren der det var så smalt at ho måtte stryke leggane mot knea mine. Kvar dag sat eg og venta på akkurat den augneblinken med same utolmod og pine. Den var avhengig av ei lang rekke trivielle omstende som eg vurderte og observerte med fortvilning og ekstremt skjerpa kjensleevne. Det var nok at Eugen blei tørst, at han ikkje hadde lyst til å spele, eller at det kom ein kunde inn i butikken, for at han skulle forlate plassen ved bordet slik at mellomrommet var stort nok til at Clara kunne gå forbi utan å komme borti meg.

Når eg kom dit om ettermiddagane og nærma meg butikkdøra, vikla lange vibrerande antenner seg ut av meg og utforska lufta for å registrere fiolintonar. Om eg då høyrde Eugen spele, spreidde ei stor ro seg inni meg. Eg steig inn så stille eg kunne, og sa allereie på dørterskelen namnet mitt med høg røyst så han ikkje skulle tru det var ein kunde som kom, og berre for eit sekund avbryte spelinga si; akkurat i eit slikt sekund ville flyten og fortryl-

linga i melodien brått stanse, og Eugen ville legge frå seg fiolinen for godt den ettermiddagen. Men risikoen for ugunstige hendingar var ikkje rydda av vegen av den grunn. Det var så mykje som kunne gå gale i alkoven ...

Heile tida mens Clara stelte seg, sat eg og lytta etter den minste lyd og såg etter den minste rørsle og var redd for at noko av dette skulle føre ettermiddagen inn i katastrofe. Det kunne for eksempel tenkast at Eugen begynte å hoste, svelgde litt spytt og plutseleg sa at han gjekk bort til konditoriet for å kjøpe eit bakverk; ut av uendeleg små bagatellar som eit lite host kunne ein bortkasta ettermiddag stige fram, monstrøs og veldig. Då mista heile dagen meininga si, og i senga om natta låg eg søvnlaus og vrei meg og venta utolmodig på den nye dagen i staden for å få tenke på (ja, minutt etter minutt opphalde meg ved kvar detalj, sjå for meg alt og legge det på minne), grave ut, forme og kjærteikne tanken på den augneblinken då knea mine hadde rørt ved Clara sine strømper.

Ein dag skjedde det noko heilt uvanleg. Det som først såg ut til å bli ein katastrofe, enda på eit overraskande vis, så plutselig og med opphav i ei så til dei grader ubetydeleg hending, at den påfølgjande gleda, var som ein konstruksjon av merkelege gjenstandar som berre kunne bli halden i balanse av ein tryllekunstnar. På eit blunk endra Clara innhaldet i besøka mine radikalt og gav dei ei ny, pirrande meinig – som i det kjemiske eksperimentet der ein ein-sam krystall senka ned i ein kolbe med raud væske på ein augneblink forvandlar den til ei lysegrøn væske.

Eg sat på plassen min i sofaen og venta med det same utolmodet som alltid då døra blei opna og nokon steig inn i butikken. Eugen forlet straks alkoven. Alt syntest å vere tapt. Clara heldt urørt fram med å stelle seg mens samtalen ute i butikken drog ut i det uendelege. Men framleis var det mogleg for Eugen å komme tilbake til alkoven før Clara hadde kledd på seg. Med smerte følgde eg dei to hendingsforløpa, Clara som stelte seg, og samtalen ute i butikken, og tenkte at dei kunne løpe parallelt

heilt til Clara gjekk ut i butikken, eller tvert imot til dei møttest i eit bestemt punkt i alkoven, som i visse filmar der to lokomotiv i rasande fart kjem dampande mot kvarandre og anten kjem til å kollidere eller fyke forbi ein annan, avhengig av om ei mystisk hand i siste sekund grip inn og legg om sporvekslinga eller ikkje. Mens eg venta, følgde samtalen sin eigen veg og Clara heldt fram med å pudre seg.

Eg forsøkte å rette til den ubehagelege situasjonen gjennom å strekke knea nærare bordet. For å kunne streife beina til Clara måtte eg sitte lengst ute på sofakanten i ei stilling som ville vere om ikkje bisarr, så i det minste komisk. Eg fekk for meg at Clara såg på meg i spegelen og smilte.

Snart var ho ferdig med å runde leppekonturane med karmosinraudt og fór over kinna ein siste gong med pudderbørsten. Parfymen som hadde spreidd seg i alkoven, hadde gjort meg svimmel av begjær og fortvilning. I same stund som ho kom forbi meg, skjedde det som eg minst av alt hadde venta meg: Ho strauk leggane mot knea mine akkurat slik

ho gjorde kvar dag (eller var det kan hende endå meir? nei, det var sikkert ein illusjon) med den likegyldige mina som sa at det ikkje var noko som gjekk føre seg mellom oss.

Det ligg i usømda ei samforståing som er djupare og oppstår raskare enn all forståing gjennom ord. På eit blunk fer den gjennom heile kroppen som ein indre melodi og forandlar tankar og kjøtt og blod. I den brøkdelen av eit sekund då beina til Clara rørte ved meg, blei ei rekke nye enorme forventingar og håp fødte i meg.

Med Clara forstod eg alt frå den første dagen, frå første stund; det var mitt første fullstendige og normale seksuelle eventyr. Eit eventyr fullt av tvil og forventingar, fullt av elende og tanngnistring, noko som kunne likna kjærleik om det ikkje hadde vore eit enkelt framhald av smertefullt utolmod. I same grad som eg var impulsiv og djerv, var Clara roleg og lunefull; ho hadde ein veldig måte å provosere meg på og fann ei slags nedverdiggande glede i å sjå meg

lide – ei glede som alltid går forut for kjønnsakta og utgjør ein del av den.

Første gongen det eg hadde lengta etter så lenge, skjedde mellom oss, var provokasjonen hennar av ei så elementær (og nærast brutal) enkelheit at orda ho då uttalte, og særleg det anonyme verbet, sjølv i dag har i seg den gifta dei hadde den gongen. Eg treng berre å tenke på dei for at den noverande likegyldigheita mi skal bli frest i stykke som av ei syre og orda bli veldige igjen, no som den gongen.

Eugen hadde gått ut i byen. Clara og eg sat stille i butikken, ho strikka med ryggen mot butikkvindauget, iført ettermiddagskjolen sin, med det eine beinet over det andre. Det hadde gått nokre veker sidan hendinga i alkoven, og det hadde raskt oppstått ei slags streng kulde mellom oss, ei hemmeleg spenning som blei formidla gjennom ekstrem likegyldigheit frå hennar side. Vi sat overfor kvarandre i timevis utan å ytre eit einaste ord, og likevel låg det ei hemmeleg samforståing i lufta som kunne eksplodere kva tid som

helst. Det einaste eg mangla, var det mystiske ordet som skulle bryte gjennom dekket av konvensjonar. Kvar kveld la eg opp eit titals planar, men dagen etter stranda dei ved det minste hinder: strikkinga som ikkje måtte avbrytast, mangelen på passande lys, stilla i butikken eller symaskinene som var så nøye oppstilte at inga viktig forandring var mogleg, ikkje eingong kjenslemessige. Eg sat heile tida og beit tennene saman: tognar var forferdeleg, ei tausheit som hos meg hadde krafta og forma til eit skrik.

Det var Clara som braut stilla. Ho kviskra nesten, utan å løfte blikket frå strikkinga: «Om du hadde komme tidlegare, kunne vi *gjort det*. Eugen drog til byen rett etter maten.»

Fram til dette tidspunktet hadde det ikkje vore spor av seksuelle hint mellom oss, og no vibrerte allereie etter nokre få ord ei ny verkelegheit mellom oss, forunderleg og eineståande som om ein marmorskulptur hadde stige opp av golvet mellom symaskinene.

I neste augneblink var eg hos Clara, eg tok handa hennar og strauk den heftig, eg kyssa den. Ho drog den til seg.

«Slutt med det der», sa ho irritert.

«Ver så snill, kom ...»

«No er det for seint. Eugen kjem, slepp meg, slepp meg.»

Eg strauk henne febrilsk over skuldrene, brysta, beina.

«Slepp meg», protesterte ho.

«Vi rekk det», bønfall eg.

«Kor då?»

«I alkoven ... kom ... der er det bra.»

Og akkurat då eg sa «bra», fyltest brystet mitt av eit varmt håp. Eg kyssa handa hennar igjen og drog henne opp frå stolen. Motvillig let ho seg leia og drog føtene etter seg.

Frå og med den dagen blei *ettermiddagsvanane* våre endra: Det handla framleis om Eugen og om Clara og om den same sonaten, men no kom fiolin-spelinga til å bli ulideleg for meg, og eg venta berre

utolmodig på den augneblinken han skulle gå. Og i alkoven blei uroa mi ei anna, som om eg var i gang med eit nytt spel på eit brett som var laga for eit spel eg hadde vakse frå.

Når Eugen gjekk, begynte den verkelege ventinga. Den var vanskelegare og meir ulideleg enn den føregåande; stilla i butikken blei forvandla til ein isblokk. Clara slo seg ned ved vindaugget og strikka: Dette var kvar dag *opptakten*, og utan opptakt kunne ikkje eventyret vårt skje. Av og til når Eugen gjekk, sat Clara halvkledd igjen i alkoven: Eg innbilte meg at dette kunne framskande hendingane, men der tok eg feil. Clara tillet ingen annan opptakt enn den ute i butikken. Eg blei tvinga til å sitte og vente til ho hadde kledd på seg og kom ut og sette seg ved vindaugget, så ho kunne slå opp første sida i ettermiddagens bok.

Eg sette meg på ein krakk overfor henne og begynte å prate med henne, be henne, bønfaller henne både vel og lenge. Eg visste at det var nytelaust; ho gav berre sjeldan samtykke, men til og

med då brukte ho list, slik at ikkje ja-et hennar skulle vere utan reservasjonar:

«Eg går inn i alkoven og tar eit pulver, eg har ei forferdeleg hovudpine. Ver så snill å ikkje følgje etter.»

Eg lova – og kom etter i neste sekund. I alkoven oppstod ein verkeleg kamp der Clara sine krefter opplagt var tilbøyelege til å gi etter. Då fall ho saman på sofaen som om ho hadde snubla over noko. Så la ho hendene under hovudet og lukka auga som om ho sov, og eg kunne ikkje flytte kroppen hennar så mykje som ein tomme. Ho låg altså på sida, og eg var nøydd til å dra opp kjolen over beina for å kunne smyge meg inntil henne. Ho gjorde ingen motstand mot rørslene mine, men hjelpte heller ikkje til. Ho låg der urørleg og likegyldig som ein trekloss, og berre den intime og hemmelege varmen hennar avslørte at ho var merksam, og at ho *visste*.

Det var omtrent på denne tida at eg gjekk til legen som skreiv ut resept på kinin. At det var noko muse-

aktig over han, blei stadfesta i alkoven og, som sagt, på ein måte som var heilt absurd overraskande.

Ein dag då eg låg tett inntil Clara og med febrilske rørsler drog av henne kjolen, fekk eg kjensla av at noko bevegde seg inne i alkoven – eg sansa dette med det dunkle, men høgst skjerpa instinktet i den yste nytinga eg no nærma meg, og som ikkje tillet eit framandt nærvær – og eg gjetta på at eit levande vesen følgde med på oss.

Forskrekka snudde eg hovudet og oppdaga ei mus på kista bak pudderdåsen. Den stansa akkurat inntil spegelen ved kistekanten og såg rett på meg med små, svarte auge der lampelyset danna to gli-trande gulldropar som skaut som pilar inn i meg. I fleire sekund sat den der og såg meg så rakt i auga at eg kjende det skarpe, glasaktige blikket trenge langt inn i hjernen på meg. Det var som om den sat der og planla eitkvart vondsinna utfall mot meg eller kanskje berre ein kritikk. Men fascinasjonen tok brått slutt, og musa forsvann bak kista. Eg var sikker på at det var legen som hadde komme og spionert på meg.

Då eg tok kininet mitt same kveld, blei mistanken stadfesta gjennom ein fullstendig ulogisk, men for meg gyldig konklusjon: Kininet var beiskt. Legen hadde sett kva nyting Clara gav meg i alkoven; følgjeleg var det derfor – og også for å etablere ei ny likevekt – han hadde skrive ut den mest ubehagelege medisinen ein kunne tenke seg. I tanken høyrde eg han gnage på dommen sin: «Jo større nyting, desto beiskarrre medisin!»

Nokre månader etter besøket mitt hos han fann dei han død på loftet: Han hadde skote seg gjennom panna.

Det første eg spurde meg sjølv då dødsbodska- pen nådde meg, var: «Var det mus på loftet?» Eg var nøydd til å vite det. For om legen i sanning var død, ville ein horde mus strøyme fram over kadavere- ret og grave i det og ta tilbake alt det museaktige som han hadde lånt i si livstid for å utøve sin illegitime eksistens som *menneske*.



III

Eg trur eg var tolv år då eg blei kjent med Clara. Uansett kor langt ned i djupet av barndommen eg forsøker å spore minna, så er dei alltid knytt til det seksuelle medvitet. Dei tidlege seksuelle erfaringane framstår like nostalgiske og reine som erfaringane av natta, skrekken og dei første vennskapa, og på ingen måte annleis enn melankolien min, forventinga og ventinga mi, for eksempel den trøyttsame ventinga på å bli *vaksen* som eg konkret erfarte kvar gong eg tok eit eldre menneske i handa og forsøkte måle skilnaden i tyngd og storleik mellom den forsvinnande vesle handa mi og den enorme handflata med knudrete fingrar som klemte den.

Ikkje ein augneblink i barndommen var eg uvitande skilnaden mellom menn og kvinner. Kanskje fanst det ei tid då alle levande skapningar flaut saman for meg i ein og same klårleik av rørsle og stillstand; det har eg ikkje noko tydeleg minne av. Hemmelegheita ved kjønnet var alltid umiskjenneleg. Det dreidde seg om ei *hemmelegheit* like konkret som ein gjenstand, eit bord eller ein stol.

Når eg granskar desse fjerne minna nøye, avslører likevel deira *mangel på aktualitet* misforståinga mi av kjønnsakta. Eg førestilte meg dei kvinnelege organa i heilt feilaktige former og sjølv akta som meir overdådig og merkelegare enn den eg seinare opplevde med Clara, slik at tolkingane – først feilaktige, men etter kvart stadig meir korrekte – hadde ein ubeskriveleg atmosfære av mysterium og bitterheit rundt seg, som gradvis vaks i konsistens, lik eit bilde som veks fram frå dei uferdige skissene til ein målar.

Eg ser meg sjølv som eit lite barn med ei skjorte som når ned til føtene, ser korleis eg sit og græt fortvilt

på ein dørstokk, vend mot ein solbelyst gardsplass der porten står open mot eit tomt torg, eit varmt, vemodig ettermiddagstorg der hundar ligg og søv på magen og folk har lagt seg i skuggen av grønsaksbuene. Det luktar sterkt av røtne grønsaker, nokre store, livlege fluger surrar høglydt rundt meg der eg står og syg i meg tårene som har hamna på hendene, og dei flyg i frenetiske spiralar i det tette, brennande lyset på gardsplassen. Eg reiser meg opp og urinerer i støvet. Jorda syg ivrig i seg væska og ein mørk flekk blir igjen på plassen, som skuggen til ein ikkje-eksisterande gjenstand. Eg tørkar meg i ansiktet med skjorta og slikkar tårene frå munnvikene og smakar på saltet. Så slår eg meg ned på dørstokken igjen og kjenner meg svært ulykkeleg: Eg har fått pryl.

Far min gav meg nettopp fleire dask med handflata på skinkene. Eg veit ikkje heilt kvifor. Eg tenker etter. Eg låg i senga ved sida av ei jente på min alder, foreldra våre hadde lagt oss der for at vi skulle sove mens dei var ute og spaserte. Eg hadde ikkje merka at dei kom tilbake, og eg veit ikkje kva

eg hadde gjort med jenta under dyna. Eg veit berre at jenta i same augneblink som far min bryskt drog unna dyna, hadde begynt å samtykke. Far min blei raud og rasande og slo meg. Det var det heile.

Når eg no sit på dørstokken i sola og har gråte og tørka auga, teiknar eg sirklar og linjer i støvet, flyttar meg litt lenger inn i skuggen, set meg med beina i kors på ein stein og kjenner meg betre. Ei jente har komme for å hente vatn ute på gardsplassen og vrir på det rustne hjulet på pumpa. Eg lyttar merksam når det gamle jernet knirkar, og ser vatnet fosse ut i ein fantastisk, sølvglinsande hestehale, eg ser på jenta sine store, skitne føter – geispar fordi eg ikkje har sove, og forsøker innimellom å fange ei stor fluge. Det er det enkle livet som begynner etter gråten. Sola veltar varmen sin over gardsplassen.

Slik var mitt første seksuelle eventyr og det tidlegaste barndomsminnet mitt.

Frå då av kjende eg dunkle instinkt som vaks, som blei deformerte og til slutt fann sine naturlege grenser. Det som burde vore ein forsterka og stadig

veksande fascinasjon, blei for meg ei rekke forsakingar og reine forsvinningar ned i det banale; utviklinga frå barndom til pubertet innebar ei kontinuerleg forminsking av verda, og etter kvart som tinga omkring meg fann plassen sin, forsvann også det ubeskrivelege ved dei, som når ei glansfull overflate blir matt. Berre den ekstatiske, forunderlege figuren til Walter har halde på sin fascinerande briljans fram til denne dagen.

Då eg møtte han, sat han på ein stubbe i skuggen av ein robinia og las eit Buffalo Bill-hefte. Det klåre morgonlyset seiv inn mellom dei tette, grønne blada i eit sus av forfriskande skugge. Kledda hans var ikkje det spor vanlege: Han hadde på seg ein kirsebærraud tunika med elfenbeinsknappar, geiteskinnsbukse og på dei berre føtene sandalar med tynne, kvite fletta lêrreimar. Når eg no og då ønsker å gjenoppleve den eineståande kjensla frå møtet vårt, ser eg lenge på det gamle, gulna omslaget på eit Buffalo Bill-hefte.

Først fór han opp som eit dyr og tok eit slags elegant sprang mot meg. Vi blei straks venner. Vi prata litt, og så kom han plutseleg med eit overras-

kande forslag: at vi skulle ete blomstrar frå treet. Det var første gongen eg hadde møtt nokon som åt blomstrar. Før eg visste ordet av det, var han oppe i treet og samla saman ein enorm bukett. Så kom han ned igjen og viste meg korleis ein forsiktig plukka av blada for å kunne suge på festet. Eg prøvde også; blomsteren sprakk mellom tennene med eit behageleg, lite smell, og munnen fyltest av ei søt, forfriskande vellukt av eit slag eg aldri før hadde smakt.

Vi stod stille ei stund og åt robiniablomstrar. Så greip han meg hardt i handa: «Vil du sjå kor stammen vår har *hovudkvarter*?»

Auga til Walter gneistra, og eg blei litt redd.

«Vil du eller vil du ikkje?» spurde han.

Eg nølte eit sekund, og svarte så «Eg vil» med ei røyst som ikkje var mi, og med ei plutseleg dristigheit, som var meg framand.

Walter tok handa mi og leidde meg gjennom den vesle porten lengst inne på gardsplassen og ut på ei forlaten tomt der gras og ugras vaks frodig. Nesler brende meg på beina, og vi måtte bøye unna tjukke

stilkar av giftkjeks og storborre. Lengst borte på tomta kom vi fram til ein halvvegs rasert mur inntil ei djup grop. Walter hoppa nedi og ropte at eg skulle følge etter. I gropa var det ei opning inn gjennom muren, og gjennom den kom vi inn i ein forlaten kjellar. Trappa var øydelagd og full av ugras, veggane draup av fukt, og mørket framfor oss var totalt. Walter heldt meg hardt i handa og drog meg etter seg. Sakte, sakte tok vi oss nedover eit titals trappe-trinn. Så stansa vi.

«Her må vi stoppe», sa han, «lenger kan vi ikkje gå. Lengst ned finst det jernmenneske som har vakse opp av bakken med hender og hovud av jern. Dei står der urørlege, og om dei får tak i oss i mørket, så kveler dei oss.»

Eg snudde hovudet og kasta eit desperat blick opp mot kjellaropninga over oss, der lyset fall inn frå ei enkel og tydeleg verd der ingen jernmenneske fanst, og der det var planter, menneske og hus så langt auget kunne sjå. Walter hadde frå ein eller annan stad fått tak i ein planke, og den sette vi oss

på. Der sat vi stille i fleire minutt. Det var svalt og behageleg i kjellaren; lukta av fukt var tung, og eg kunne ha sete der for meg sjølv i timevis, isolert og fjernt frå dei varme gatene og den kjedelege, deprimerande byen. Det var godt å sitte innestengt mellom kalde veggjar under jorda som koka i sola. Ettermiddagens meiningslause surr høyrdest som eit fjernt ekko gjennom den opne munnen til kjellaren.

«Det er hit ned vi tar jentene vi fangar», sa Walter.

Eg ana vagt kva det måtte dreie seg om. Kjellaren fekk ei kurios tiltrekkingskraft.

«Og kva gjer de med dei?»

«Veit du ikkje det?» sa Walter og lo. «Vi gjer det som alle menn gjer med kvinner. Vi legg oss ved sida av dei og ... og så tar vi fjøra ...»

«Fjøra? Kva slags fjør? Kva gjer de med jentene?»

Walter lo igjen.

«Kor gammal er du egentleg? Veit du ikkje

kva menn gjer med kvinner? Har du inga fjør? Her, sjå på mi.»

Ut av lomma på tunikaen fiska han opp ei lita, svart fuglefjør.

I det same kjende eg at eg blei råka av eit av dei tilbakevendande anfalla mine. Hadde ikkje Walter tatt fram fjøra, hadde eg kanskje halde ut den atmosfæren av fullstendig og trøysteslaus isolasjon som rådde i kjellaren, men plutsleg fekk isolasjonen eit smertefullt, djupt innhald, og eg innsåg kor langt kjellaren var frå byen og dei støvete gatene. Det var som om eg hadde fjerna meg frå meg sjølv, einsam som eg var djupt nede under den heilt vanlege sommardagen. Den glinsande svarte fjøra som Walter hadde vist meg, betydde at ingenting lenger eksisterte i verda slik eg kjende den. Alt gjekk over i ei svimmelheitskjensle der fjøra skein med eit særeige lys, midt i det underlege kjellarrommet med fuktige vekstar i mørket, som saug til seg lyset som ein kald, ivrig, gapande munn.

«Hei, kva er det med deg?» spurde Walter. «Vil du ikkje at eg skal fortelje deg kva vi gjer med fjøra?»

I holet over kjellaren blei himmelen stadig kvitare og meir tåkete. Orda spratt mellom veggane og trengde mjukt gjennom meg som eit flytande vesen. Walter heldt fram med å snakke til meg. Men han stod så langt unna og var som luft, berre ein klår flekk som beveigde seg i mørket.

«Først stryk du jenta med fjøra» – hørde eg som i ein draum – «og så stryk du deg sjølv ... Dette er slikt som du berre må vite ...»

Med eitt kom han heilt inntil meg og begynte å riste i meg som om han ville vekke meg. Sakte, sakte begynte eg å vakne til. Då eg opna auga mine, stod Walter bøygd over skrittet mitt med munnen trykt mot kjønnet. Eg kunne ikkje fatte kva som hende.

Walter reiste seg. «Ser du, det gjorde deg godt, gjorde det ikkje ... Slik vekker indianarane dei som er såra på slagmarka, og stammen vår kjenner til alle dei magiske sverjingane og botemidla deira.»

Eg kjende meg full og utmatta. Walter styrta opp trappa og forsvann. Forsiktig klatra eg etter.

Dei følgjande dagane leita eg forgjeves etter han. Den einaste moglegheita som stod att, var å finne han i kjellaren, men då eg gjekk ut på den gjengrodde tomta, verka alt forandra. Overalt låg det avfallshaugar med døde dyr og søppel, som stinka vemmeleg i sola. I selskap med Walter hadde eg ikkje sett noko av dette. Eg let vere å gå tilbake til kjellaren og trefte derfor aldri Walter igjen.

Eg skaffa meg ei fjør som eg i største hemmelegheit gjekk omkring med i lomma, pakka inn i eit stykke avisapapir. Av og til tenkte eg at eg berre hadde dikta opp heile hendinga med fjøra, og at Walter aldri hadde eksistert. No og då tok eg fjøra fram frå papiret og såg lenge på den: Mysteriet i den var ugjennomtrengeleg. Eg førte den mjuke, silkeaktige overflata over kinnnet og skalv lett ved berøringa, som om ein usynleg, men verkeleg person hadde ført fingertuppane over ansiktet mitt. Første gongen

eg brukte den, var ein vakker kveld under ganske så uvanlege omstende.

Eg likte å henge utandørs så seint som mogleg. Denne kvelden hadde det komme eit tungt og trykkande uvêr. All varmen frå dagen hadde kondensert til ein kvelande atmosfære under ein mørk himmel med jagande lyn. Eg sat på trappa til eit hus og såg det elektriske lyset spele over fasadane bortover gata. Vinden fekk lampa som lyste opp gata, til å vaie, og dei konsentriske lyskretsane danna skuggeband på veggane og vogga som skvulpande vatn i ei bøtte. Lange strimer med støv blei rivne opp frå bakken og steig i spiralar.

Plutselig syntest eg at eg midt i ein kvervel såg ein marmorstatue bli løfta opp i lufta. Nei, eg var så sikker som eg kunne vere: Den kvite steinblokken skaut raskt oppover, på skrå, som når ein ballong glepp ut av handa til eit barn. I løpet av kort tid var statuen berre ein kvit flekk på himmelen, på storleik med knyttneven min. No skilde eg tydeleg ut to kvite skikkelsar som heldt hender og glei fram over

himmelen som eit par skigåarar. I det same stod ei lita jente framfor meg. Eg sat nok der med gapande munn og oppsperra auge, speidande opp i lufta, for ho spurde med undring kva det var eg såg oppe på himmelen.

«Ser du den statuen som flyg gjennom lufta?» sa eg. «Sjå fort! Det er like før den forsvinn ...»

Jenta rynka augnebryna og kikka nøye, men sa at ho ikkje såg noko. Det var ei lubben jente frå nabolaget, med raude, gummiaktige kinn og sveitte hender. Før denne kvelden hadde eg knapt snakka med henne. Når ho no stod framfor meg, begynte ho å le:

«Eg veit kvifor du lurte meg ...», sa ho, «eg veit kva du er ute etter.»

Og så gjekk ho derfrå, hoppande på eitt bein. Eg reiste meg og sprang etter; eg lokka henne inn i ei mørk sidegate, og ho følgde utan vidare etter. Der drog eg opp kjolen hennar. Ho let seg lydig manipulere, med hendene sine på skuldrene mine. Kanskje var ho meir overraska over det som utspelte seg, enn medviten om det skamlause i det.

Sjølvs var eg mest overraska over følgja av denne hendinga, som fann stad nokre dagar seinare, midt ute på eit torg. Det stod nokre murarar og leska kalk i eit traue. Eg stod og såg på at kalken koka, då eg plutselig høyrde nokon rope namnet mitt: «Jaså, med ei fjør? Var det det du brukte?»

Det var ein raudhåra kar i tjuårsalderen, ein kraftig type. Truleg budde han i eit hus i den mørke sidegata. Eg såg han berre i farta der han stod på andre sida av traue og ropte, og spøkelsesaktig tredde fram i kalkrøyken som ein infernalsk tilsynekomst midt mellom eld og tore. Kanskje sa han eigentleg noko anna, kanskje var det fantasien min som gav orda hans ei meining som låg nær det som hadde opptatt meg dei seinaste dagane: Eg kunne ikkje tru at han faktisk hadde sett noko i det tette mørket i smuget. Men når eg tenkte nærare etter, fekk eg for meg at det kanskje likevel ikkje hadde vore så mørkt som eg hadde trudd, at alt saman likevel hadde syntest (kanskje vi til og med hadde stått i lyset). Eg konkluderte med at eg i løpet av kjønnsakta var besett av

ein draum som formørka synet og alle andre sansar, så eg bestemte meg for å vere meir varsam framover. Kva slags forvillingar skulle eg ikkje vere i stand til å forfalle til i fullt dagslys, fortrylla av opphissinga som eg var, som ein søvngjengar, umedviten om kva eg gjorde?

Nært knytt til minnet om fjøra er også bildet av ei svært urovekkande og svart, lita bok. Eg fann den blant ei rekke andre bøker på eit bord og bladde gjennom den med stor interesse. Den heitte *Frida* og var ein trivialroman av André Theuriet, ei rikt illustrert utgåve. På kvar og ei av teikningane figurerte ein unggut med lyse krøllar og fløyelsjakke og ei lubben jente med volangkjole. Guten likna på Walter. Nokre gonger opptredde dei saman, andre gonger kvar for seg. Det var tydeleg at møta deira skjedde på bortgøynde plassar i ein park og ved forfalne murar. Kva var det dei gjorde saman? Det skulle eg likt å vite. Hadde guten ei fjør i jakkelomma, slik eg hadde? Det kunne ein ikkje sjå på bilda, og eg fekk heller ikkje høve til å lese den vesle, svarte boka. Nokre

dagar seinare var den sporlaust forsvunnen. Eg leita etter den overalt, eg spurde i bokhandlarane, men ingen hadde høyrte om den. Det må ha vore ei bok full av hemmelegheiter ettersom den ikkje var å oppdrive nokon stad.

Ein dag tok eg mot til meg og gjekk inn på eit folkebibliotek. Ein lang, bleik mann med briller som skalv lett, sat på ein stol lengst inne i salen og såg meg komme. No fanst det ingen veg tilbake. Eg var nøydd til å gå heilt fram til skrivebordet og der klårt og tydeleg framfor den nærsynte uttale det sensasjonelle ordet «Fri-da» som eit vitnesbyrd om alle mine laster. Eg steig fram og mumla monotont namnet på boka. Brillene til bibliotekaren begynte å skjelve endå meir, han lukka auga som om han leita etter noko i minnet, og svarte at han «ikkje hadde høyrte om den». Men skjelvinga på brillene avslørte ei indre uro; no var eg sikker på at *Frida* romma dei mest hemmelege og sensasjonelle openberringar.

Mange år seinare kom eg over boka igjen på ei hylle i ein bokhandel. Det var ikkje den svarte,

innbundne utgåva eg hadde hatt; denne hadde elendig papirinnbinding og gulaktig omslag. Den første impulsen min var å kjøpe den, men eg ombestemte meg og sette den tilbake på hylla. Eg ville bevare bildet av den intakt, bildet av ei lita, svart bok som har i seg den autentiske dufta frå mine unge år.



IV

I små, ubetydelege ting – ei svart fuglefjør, ei banal, lita bok, eit gammalt fotografi med skjøre, gløynde personar, menneske som ser ut til å lide av ein alvorleg indre sjukdom, eit lekkert oskebeger i grøn porse-len forma som eit eikelauv, med ei evig duft av gammal oske, i det enkle, elementære minnet av gamle Samuel Weber sine briller med tjukke glas – i slike små pynteting og huslege gjenstandar finn eg igjen melankolien frå barndommen og den særskilde nostalgien til det meiningslause tilværet, som omringa meg lik eit hav med forsteina bølger. Den råde materien har – i dei djupe, tunge massane av jord, stein, himmel eller vatn, eller i dei minst ubegripelege formene: speglar, papirblomstrar, fargerike statuar,

glaskuler med gåtefulle indre spiralar – alltid halde meg i eit fangenskap der eg smertefullt har støytt mot veggane til materien, og likevel oppmuntra meg til å ta del i det bisarre eventyret det er å vere menneske.

Same kor tanken min vende seg, møtte den urørlege veggjar som eg måtte knele framfor. Mens eg tenkte på materiens endelausa former, terrorisert av mangfaldet, låg eg og vrei på meg nettene gjennom, nedtrykt av den endelausa rekka av gjenstandar stilt opp i minnet lik mekaniske stigar som uavbrote blei forlengde med tusen og atter tusen steg.

For å stanse straumen av ting og fargar som fløynde over hjernen, førestilte eg meg utviklinga til ein einaste gjenstand, eller berre konturen til den. Eg førestilte meg for eksempel – i eit forsøk på å katalogisere verda – ei lenke av alle skuggane på jorda, dette merkelege og oskegrå riket som søv ved livet sine føter. Den svarte mannen som ligg lik eit slør over graset, med tynne bein rennande fram som vatn, og med armar av mørkt jern, han som vandrar omkring blant horisontale tre med gråtande greiner. Skuggar

av fartøy som glir fram over havet, flyktige og akvatiske skuggar, lik sorger som kjem og går, dansande over skummet.

Skuggane til fuglar i flukt, svarte fuglar ut av mørke akvarium i jorda sitt indre.

Og den einsame skuggen av vår runde planet, tapt ein stad i rommet.

Ein annan gong tenkte eg på grotter og holter, på fjell med svimlande kløfter – og også på det elastiske, varme, ubeskrivelege holet, kjønnscholet. Eg hadde fått tak i ei lita lommelykt, og når eg låg i senga om natta og var galen av søvnløyse og av tinga som ustanseleg fylte rommet, kraup eg ned under dyna og utførte ein intim og likevel vilkårleg studie av foldane til lakenet og miniatyrdalane dei forma. Eg trong altså ein slags presis, detaljfokusert studie for å klare å falle til ro. Ein gong midt på natta fann far min meg krypande på denne måten under putene med lommelykta, og tok den frå meg. Men kor som var kom han ikkje med nokon kommentar og leksa heller ikkje opp for meg. Eg trur oppdaginga

var av ein så spesiell karakter at han ikkje kom på noko å seie og heller ikkje visste kva slags irettesetting som passa seg ved eit slikt høve.

Nokre år seinare oppdaga eg eit fotografi i ei anatomibok, som viste ei vokstavstøyping av innsida av øyret. Alle kanalar, biholer og holrom var av fast materiale og forma dermed eit positivt bilde. Fotografiet gjorde eit enormt inntrykk på meg, fekk meg nesten til å svime av, i eit glimt innsåg eg at verda kunne eksistere i ei verkelegheit meir verkeleg enn vår, i ein positiv grottestruktur der alt som var uthøla, ville vere fylt ut, og dei faktiske relieffa ville sjå ut som tomrom i identisk form, heilt utan innhald, slik som dei underlege, skjøre fossila som gir att spora av skjel eller lauv som gjennom tidsaldrane har grave ut djupe, vakre avtrykk av konturane sine i steinen.

I ei slik verd ville ikkje menneska lenger vere fleirfarga, kjøttfulle utvekstar fulle av kompliserte organ som kunne røtne, men reine tomrom svevande som luftbobler i vatn, i den varme, mjuke materien til universet. Det var elles den same intime, smerte-

fulle kjensla eg ofte erfarte i puberteten, når eg under dei endelause vandringane mine plutsleg kunne kjenne meg forferdeleg isolert, som om menneska og husa rundt omkring i all hast hadde klistra seg fast i ein kompakt, einskapleg materiedeig der eg berre eksisterte som eit enkelt tomrom som flytta seg hit og dit utan mål og meining.

Eg oppfatta i det heile gjenstandar som kulissar. Kjensla av verda som ei førestilling følgde meg overalt: Livet såg ut til å utvikle seg midt inne i eit fastlåst, sørgjeleg skodespel. Når eg av og til slapp unna den trøytsame og glanslause visjonen av ei fargelaus verd, tredde dei teatralske, uttrykksfulle og museale aspekta fram.

Innanfor ramma av dette allmenne skodespelet fanst det andre, forbløffande skodespel som nærast var attraktive fordi dei var kunstige, og fordi skodespelarane som agerte, verkeleg syntest forstå meininga med mystifikasjonen i verda. Berre dei visste at i ei verd der alt er teater, der alt er kulissar, må

livet bli portrettert på ein falsk og ornamental måte. Kinofilmen og vokskabinettet var slike skodespel.

Å, kino B, der salongen var lang og mørk som ein ubåt! Inngangsdørene var dekte av krystallspeglar der ein del av gata utanfor syntest. På den måten fekk ein ei gratis framsyning allereie før ein steig inn i salongen, ei forunderleg bildeflate der gata tredde fram i grønaktig draumelys med menneske og hestevogner som beveigde seg søvngjengaraktig i eit slags vatn.

Inne i sjølve salongen rådde den same stinkande, syrlege varmen som på eit offentleg bad. Golvet var av betong, og når stolane blei flytta, gav dei frå seg ein skrapelyd som høyrdest ut som korte, desperate skrik. På radene nærast lerretet sat utskot og pøblar som togg på solsikkefrø og kommenterte filmen med høg røyst. Eit titals munnar stava seg unisont gjennom mellomtekstane, som om dette var ei leseøvingsklasse for vaksne.

Rett nedanfor lerretet var det eit orkester som bestod av ein pianist, ein fiolinist og ein gammal jøde som kjekt trakterte ein kontrabass. Gamlingen hadde også i oppgåve å framstille diverse lydar som

akkompagnement til det som skjedde på lerretet. Han ropte kykeliky når hanemaskoten til filmselskapet blei vist i starten av filmen, og ein gong minnest eg at han under ein film om livet til Jesus begynte å slå frenetisk med bogen mot instrumentkassa for at det i oppstodeaugneblinken skulle høyrast ut som himmelsk toreskrall.

Eg levde meg inn i filmepisodane med ekstraordinær intensitet og deltok i handlinga som om eg sjølv stod på rollelista. Fleire gonger hende det at filmen tok all mi merksemd, slik at eg plutseleg kunne få for meg at eg gjekk omkring i parkane i filmen eller lente meg på balustradane på italienske terrassar der Francesca Bertini kom patosfylt gåande med utslått hår og armar bølgjande som skjerf i vinden. Det finst trass alt ingen utvitydig skilnad mellom vår verkelege person og dei ulike indre fantasipersonlegdommane våre.

Når lyset blei tent i pausen, var det som om salongen hadde komme tilbake frå ei lang reise. Det låg noko usikkert og kunstig i lufta, noko betydeleg

meir uvisst og flyktig enn det som hadde utspelt seg på lerretet. Eg lukka auga og venta til den mekaniske surringa frå projektoren fortalde at filmen var i gang igjen. Då opna eg auga og såg salongen nedsøkt i mørke og alle tilskodarane, indirekte belyste av lerretet, bleike og forvandla, sitte som marmorstatuar på eit museum lyst opp av månen.

Ein gong begynte det å brenne i kinoen. Filmrullen blei riven av og tok straks fyr, og i løpet av nokre sekund syntest flammene på det kvite lerretet som eit slags høfleg vink om at kinoen stod i brann, og samtidig som eit logisk framhald av projektoren si rolle som formidlar av *aktualitetar*, noko den no gjorde på denne måten, der den med ytste perfektion rapporterte det mest rykande aktuelle, nemleg at den sjølv stod i brann. Frå alle kantar av salongen ropte folk: «Det brenn! Det brenn!» Med eitt var det så mykje ståhei at ein fekk inntrykk av at publikum, som fram til no hadde sete stille i mørket, ikkje hadde gjort anna enn å sitte og samle opp skrik og skrål inni seg, som om dei hadde vore rolege og harmlause

akkumulatorar som eksploderte når ladekapasiteten blei overskriden på det mest heftige.

Nokre minutt seinare var «brannen» sløkt, før halve salongen hadde rokke å bli evakuert. Likevel heldt publikum fram med å rope og skrike som om dei var nøydd til å frigjere ei viss grad av energi når den først var blitt utløyst. Ei ung dame med gipskvote, pudra kinn skreik skingrande mens ho såg meg rett i auga og ikkje gjorde det minste forsøk på å gå mot utgangen. Ein muskuløs pøbel som var klar over verdien av kroppsstyrke i slike situasjonar, men var usikker på korleis den skulle bli brukt, tok stolane ein etter ein og slengde dei mot filmlerretet. Eit høgt og ytst klangfullt brak høyrdest: Ein stol hadde treft kontrabassen til den gamle musikaren. Kinoen var alltid full av overraskingar.

Om somrane gjekk eg på matiné og kom ut igjen om kvelden når det begynte å mørkne. Ute var lyset endra, dagen gjekk sin slutt. Eg konstaterte at verda under fråværet mitt hadde gjennomgått ei viktig

og gjennomgripande hending, som ei slags sørgjelig forplikting til å for evig – til dømes gjennom å mørkne – utføre si regelmessige, openberre, spektakulære verksemd. Igjen måtte eg akseptere ei visse som gjennom den daglege rigide tilbakevendinga si gjorde meg uendeleg melankolsk. I ei verd som var underlagd dei mest teatraliske effektane, og som var forplikta til kvar kveld å framstille ein korrekt solnedgang, framstod dei stakkars menneska omkring meg som ynkelege i det alvoret dei stadig gjorde seg travle med, og gjennom den naive trua si på det dei gjorde og kjende.

Det fanst berre ein einaste skapning i byen som forstod desse tinga, og for dette respekterte og beundra eg henne – byens gale kvinne. Berre ho blant alle dei rigide menneska, fulle av fordommar og konvensjonar, berre ho hadde bevart fridommen til å rope og danse i gata når ho følte for det. Ho gjekk omkring i filler, dekt av skit, tannlaus, med rufsete raudt hår, og med moderleg ømheit bar ho eit gammalt skrin fullt av brødskorper og anna som ho

hadde funne i søppelet. Ho blotta kjønnet sitt for for-
bipasserande med ein gest som ville blitt omtalt som
full av eleganse og stil, om den hadde blitt brukt med
andre intensjonar.

«Så storarta, så sublimt det er å vere galen!»
sa eg til meg sjølv og innsåg med stort vonbrot dei
sterke, idiotiske familieskikkane og den drepende ra-
sjonelle oppsedinga som skilde meg frå den ekstreme
fridommen i eit liv som galning. Eg trur den som al-
dri har hatt den kjensla, er dømt til å aldri få kjenne
den sanne breidda og djupna i tilværet.

Det allmenne, grunnleggande inntrykket av noko
teatralsk blei ei sann redsle så snart eg steig inn i eit
panoptikon med voksfigurar. Det var ein skrekk blan-
da med ei ubestemd nyting og til ei viss grad med
den underlege kjensla av tidlegare å ha levd inne i
ein slags kulisser. Om eg nokon gong skulle kjenne
trongen til å ha eit mål i livet, og om ein slik trong
var nøydd til å henge saman med noko djupt og ve-
sentleg i meg, så trur eg at kroppen min måtte blitt

ein voksfigur i eit vokskabinett, og at livet mitt måtte vere ein enkel og aldri avslutta kontemplasjon over resten av utstillinga.

I det dystre lyset til karbidlampene kjende eg at eg verkeleg levde livet mitt på eit unikt, eineståande vis. Alle dei daglege gjeremåla mine kunne blandast som ein kortstokk, eg brydde meg ikkje om nokon av dei; ansvarsfråskrivninga til menneska i sjølv dei mest medvitne handlingane deira var for meg eit iaugnefallande openbert faktum. Kva betydde det om eg eller nokon annan utførte dei, når mangfaldet i verda uansett slukte dei i same einsarta monotoni?

I vokskabinettet og berre der eksisterte det ikkje motsetnad mellom det eg gjorde, og det som hende. Voksfigurane var det einaste autentiske i verda; berre dei forfalska livet med overlegg og utgjorde gjennom dei merkelege, kunstige urørlegheitene sine ein del av den verkelege utsida av verda. Ei blodflekete uniform gjennombora av kuler, tilhøyrande ein austerrisk erkehertug med gulaktig, sorgtungt ansikt, var uendeleg meir tragisk enn eit verkeleg dødt

menneske. I ei glaskiste låg ei kvinne med glinsande, bleikt ansikt kledd i svarte blonder. Mellom brysta hennar låg ei illraud rose, og den blonde parykken hennar hadde begynt å lausne i panna, mens den rosa sminka pulserte i nasebora og dei glasklære blå auga stira urørlege opp mot meg. Ho bar på ein djup, urovekkande og uforståeleg bodskap, og jo meir eg tenkte over denne, desto klårare verka betydninga, sjølv om den hang att i meg som eit ord eg prøvde å hugse, men berre ante som ein fjern rytme.

Eg har alltid kjent ei merkeleg tiltrekking til kvinnes dikkedarar og billig utsmykka ting. Ein venn eg hadde, samla på all slags ulike saker som han fann. I eit mahogniskrin gøymde han eit stykke svart silke med tynn blondkant, brodert med glitrande paljettar. Det hadde tydelegvis blitt rive laus frå ein gammal ballkjole; her og der hadde silken begynt å mugne. Eg gav han frimerke og til og med pengar for å få lov til å kikke på det. Mens foreldra hans sov, tok han meg med inn i ein liten, gammaldags salong og

viste meg det. Eg blei ståande med silkestykket i handa, stum av undring og velbehag. Vennen min stod att på dørstokken og passa på at ingen kom; nokre minutt seinare kom han inn, tok frå meg tøybiten, la den tilbake i skrinet og sa: «Sånn ja. Nok. No held det», akkurat som Clara av og til sa når eg hadde halde på for lenge i alkoven.

Ein annan gjenstand som skaka meg i mitt inste då eg såg det for første gong, var ein sigøynarring. Eg var overtydd om at det var den mest fantastiske ringen ein mann kunne finne på å utsmykke handa til ei kvinne med. Det eineståande maskera-deutstyret til fuglane, dyra og blomstrane, som har seksuell tiltrekking som formål, den stiliserte, ultramoderne stjerten til paradisfuglen, dei oksiderande fjøra til påfuglen, dei hysteriske blondkronblada til petuniaen, dei usannsynleg blå pungane til apa – alt dette er berre bleike forsøk på seksuell utsmykking samanlikna med den svimlande sigøynarringen. Det var ein storarta gjenstand av tinn, utsøkt, grotesk og stygg. Framfor alt stygg: Den angreip kjærleiken i dei

mørkaste regionane, i fundamentet. Den var eit sant seksuelt skrik.

Kunstnaren som hadde utforma ringen, hadde utan tvil vore inspirert av visjonane i vokskabinettet. Steinen, som var ein enkel glasbit smelta til storleiken av ei linse, likna på forstøringsglasa i eit diorama som eg kunne betrakte miniatyrscener av søkte fartøy, krigar med tyrkarane og snikmord på kongar gjennom. I ringen syntest ein blomsterbukett gravert i tinn, fargelagd med dei grelle fargane til panoptikonet – den lilla fargen frå kadaver som har lide kvelingsdøden, ved sida av pornografisk raude damestrømpeband, blybleike ville bølger i makabert lys som halvmørket i glasdekte gravkammer – alt ramma inn av små koparblad og mystiske teikn. Det var ein hallusinasjon.

Alle imitasjonar gjer på denne måten djupt inntrykk på meg. For eksempel kunstige blomstrar og gravkransar, særleg gravkransar som ligg bortgløynde og støvete i ovale glasskrin i gravkapell, der dei med gammaldags vørndnad kransar ukjende

namn som for lenge sidan er søkkte ned i ei ekkolaus æve.

Utklipte bilde som barna leikar med, eller statuettane kjøpt for ein billig penge på marknaden. Med tida mistar statuetten hovudet eller ei hand og får kvite gipsklattar rundt halsen når eigaren reparerer den. Bronsen på resten av figuren uttrykker då ei tragisk, men fornem liding. Og dei katolske kyrkjene sine jesusfigurar i naturleg storleik. Kyrkjevindauga kastar dei siste strålane frå ein raud solnedgang over alteret, mens liljene ved føtene til Kristus på denne tida av døgnet gir frå seg den tunge, lugubre dufta si. I denne atmosfæren fylt av blodluft og rusande duft spelar ein bleik ung mann dei siste akkordane i ein forvilt melodi på orgel. Alt dette har emigrert frå vokskabinettet ut i livet. I vokskabinetta ein kan sjå på kvar ein marknad, finn eg den felles tilhaldsstaden for all denne nostalgien som er spreidd utover verda, og som, når den blir samla på ein og same stad, formar sjølve essensen av denne.

Eg har berre eitt ønske igjen i livet: å få vere til stades når eit vokskabinett brenn opp; å få sjå voksfigurane smelte langsamt og obskønt ned, å følge forsteina med på korleis dei vakre gule beina på bruda i glaskista begynner å vri og vende på seg, og korleis ein svært ekte flamme når fram til skrittet og set kjønnet i brann.



V

I tillegg til vokskabinettet skjenkte den årlege augustmarknaden meg mange andre sorger og gleder. Det var eit mektig skodespel som ekspanderte lik ein symfoni, frå preludiet med einslege vokskabinett som kom dit lenge før dei andre og sette stemninga for marknaden, slik ein serie med lange tonar i starten av ein konsert presenterer sjølv temaet i komposisjonen, til den grandiose finalen som eksploderte med skrik, smell og fanfarar ved høgdepunktet den siste dagen, etterfølgt av ei enorm stille når marknadsplassen igjen låg tom.

Dei einslege attraksjonane som dukka opp tidleg, famna i grunnen heile marknaden og spegla den til punkt og prikke. Så snart den første opna,

spreidde fargane, glitteret og karbidlukta frå marknaden seg gjennom byen. I mengda av lydar gjennom alle desse dagane høyrdest plutselig ein klikkande lyd. Det var verken metallskrammel eller fjern rasling av eit nøkkelknippe eller ein motordur, det var ein lyd som var lett å skilje frå myriaden av lydar, og som kom frå *lykkehjulet*. På den mørknande bulevarden blei det tent eit diadem av farga lykter, som den første stjernekonstellasjonen i universet. Andre følgde snart, og bulevarden blei ein lysande korridor der eg gjekk som blenda, slik eg hadde sett ein gut på min eigen alder i ein illustrert Jules Verne-roman sitte ved ein ventil i ein ubåt og kikke ut i den fantastiske, gåtefulle, sjølvlysande undervassverda.

Etter nokre dagar var heile marknaden på plass, buer og brakker blei plasserte i ein halvsirkel som vaks og plutselig var komplett. Halvsirkelen var nøyre inndelt i område av lys og skugge, slik var det år etter år. Først kom rekka av matserveringar med tital rader med farga lykter, deretter vokskabinetta med monstrositetar, entreen til sirkuset som bada

i lys, og til sist dei små, mørke buene til fotografane. Dei besøkande spaserte rundt i rekke gjennom maksimalt opplyste parti og parti som låg i mørke, slik månen i geografiboka mi passerte soner som var trykte vekselvis i svart og kvitt.

Eg gjekk som oftast inn på dårleg opplyste varietear med få skodespelarar, der det kunne hende at taket mangla, og der far min ved inngangen hos direktøren kunne forhandle seg til ein redusert pris for heile den talrike familien vår. På desse stadene var det noko improvisert og usikkert over heile framsyninga. Nattevinden blåste over hovudet på tilskodarene, og der oppe, ovanfor oss, glitra alle himmelen sine stjerner. Fortapte i nattas kaos hadde vi vandra inn i ein marknadsbod i dette forsvinnande punktet på planeten. I dette punktet, på denne planeten opptrjedde menneske og hundar på ei scene; menneska kasta ulike gjenstandar opp i lufta og fanga dei igjen, hundane hoppa gjennom tønneband og gjekk på to bein. Kor utspelte alt dette seg? Himmelen der oppe verka uendeleg stor ...

Ein gong var det ein artist i ei av dei fattigslege brakkene som utlova fem tusen lei i premie til den som kunne gjenta det sensasjonelle og likevel svært enkle nummeret som han skulle utføre. Vi var berre eit fåtal personar som sat benka. Ein feit mann – som eg visste var ein gjerrigknark utan sidestykke – bytte straks plass og flytta nokre benkradar nærare scena, forundra over denne uventa moglegheita til å vinne ein enorm pengesum i ein så simpel marknadsbod og fast bestemt på å merksamt følgje artisten sine minste rørsler for best mogleg å kunne imitere han og vinne premien.

Nokre augneblinkar av spent stille følgde, før artisten gjekk fram til scenekanten og sa håst: «Mine damer og herrar, trikset er å blåse ut sigar-ettøyk gjennom halsen.» Han tente ein sigarett, tok handa frå skjortekragen der han fram til no hadde halde den, og sleppte ut ei blå røykstrime gjennom opninga i eit kunstig strupehovud som han truleg hadde fått innoperert. Mannen på fremste rad blei overrumpla og forlegen; han raudna opp til øyra og

gjekk tilbake og sette seg på den tidlegare plassen sin mens han mumla høgt mellom tennene: «Så klart, det er jo eit enkelt triks om ein har ein slik duppeditt i halsen.»

Artisten svarte uanfakta frå scena: «Kva meiner du? Berre gjer det slik eg gjorde.» Kanskje var han faktisk innstilt på å overrekke premien til ein som leid same skjebne som han. I slike buer svelgde bleike, rynkete gamlingar steinar og såpe framfor publikum for å tene til livets opphald, unge jenter slo knute på kroppen, og blodfattige, innhole barn la frå seg maiskolben dei åt på, klatra opp på scena og dansa til klangen frå bjøllene kring buksebeina på folkedraktene.

Etter middagstid, når sola brann som flammor, var tomheita på marknaden endelaus. Dei små, urørlege trehestane med glasauge og manar i bronse var omringa av ein forferdeleg melankoli i det forsteina tilværet sitt. Frå buene kom ei varm matlukt mens ei einsam dreielire langt borte iherdig kverna fram ein astmatisk vals, og ut av kaoset spruta no og

då ein skarp metallisk tone som ein høg, tynn stråle frå ein vassbeholdar.

Eg kunne stå i timevis framfor buene til fotografane og betrakte framande menneske, einsame eller i grupper, smilande og forsteina framfor grå landskap med fossefall og fjerne fjell. Den felles bakgrunnen fekk alle til å sjå ut som medlemmer av same familie på utflukt til ein og same pittoreske plass der dei hadde late seg bli fotograferte i tur og orden. Ein gong kom eg over mitt eige fotografi i ei slik bu. Det uventa møtet med meg sjølv der eg stod urørleg i utkanten av marknaden, hadde ein deprimerande verknad på meg. Før det enda opp i byen min, hadde det ferdast omkring til andre stader som var ukjende for meg. I eit glimt fekk eg kjensla av å berre eksistere i fotografiet.

Eg opplevde ofte at mentale posisjonar på denne måten bytte plass, og det skjedde ved dei mest ulike høve. Det sneik seg inn på meg og forvandla brått den indre tilstanden min. Ved ei ulykke på gata, for eksempel, stod eg i fleire minutt og følgde hen-

dingsforløpet som ein kven som helst annan tilskodar. Men plutseleg endra heile perspektivet seg – det var som i den leiken der eg i målinga på ein vegg skilde ut eitt eller anna merkeleg dyr som neste dag ikkje var mogleg å finne att, fordi eg på same stad og med same dekorative bestanddelar såg ein statue, ei kvinne eller eit landskap – slik at eg i ulykka såg noko anna, trass i at alt var intakt. Eg såg menneska og alt rundt meg frå synspunktet til den skadde, som om eg var den som låg der og såg det heile frå offeret sin stad, nedanfrå og opp, frå sentrum mot periferien, og med ei intens kjensle av at eg blødde.

På kinoen – utan det minste strev, som ei logisk følgje av det enkle faktum at eg sat og såg på filmen – levde eg meg inn i det som skjedde på lerretet, og på same måte såg eg no meg sjølv stå utanfor montereren i staden for å sjå han som stod og stirra på meg frå fotografiet. Mitt eige liv – livet til personen som stod der i kjøtt og blod utanfor montereren – verka plutseleg likegyldig og ubetydeleg, akkurat slik den levande personen på innsida av montereren såg på sine

reiser frå by til by som absurde. Og på same måte som fotografiet mitt hadde ferdast frå plass til plass og gjennom den skitne, støvete ruta stadig sett noko nytt, slik fór også eg frå ein plass til ein annan og såg stadig nye ting og forstod dei aldri likevel. Det faktum at eg kunne bevege meg, at eg levde, kunne ikkje vere anna enn ei simpel tilfeldigheit, ein meiningslaus slump, fordi eg på same måte som eg eksisterte på innsida av monterer, kunne eksistere utanfor den med same bleike kinn, same auge, same solbleikte hår som danna ein tvilsam, underleg og unnvikande figur i spegelen.

På denne måten fekk eg ei rekke åtvaringar utanfrå som gjorde meg urørleg og raskt rykte meg ut av det kvardagslege medvitet. Dei gjorde meg mållaus, heldt meg tilbake og samanfatta heile meiningsløysa i tilværet. I eit slikt sekund var alt kaotisk rundt meg, som når eg høyrde ein fanfare, la hendene over øyra og for ein augneblink tok dei bort, og musikken akkurat då var rein støy.

Eg gjekk omkring på marknaden heile dagen og på slettene omkring, der ukjemde og skitne mis-

foster og artistar frå marknadsbuene sat samla kring gryta med maisgraut. Dei hadde forlate dei eksotiske kulissane sine og den nattlege eksistensen som akrobatar, kvinner utan underkropp og sirener, og stige ned i sitt felles ulækjelege menneskelege smuss og elende. Det som såg beundringsverdig, lystig, iblant beint fram overdådig ut på framsida av buene, fall her på baksida, i fullt dagslys, tilbake til ein småleg latskap tømt for interesse, ein latskap som dessutan hørde til heile verda.

Ein dag deltok eg i gravferda til barnet til ein av dei omreisande fotografane. Dørene til brakka hans stod på vidt gap, og der inne, framfor ein duk hengd opp som kulisse, stod den opne kista på to stolar. Kulissen førestilte ein staseleg park med terrassar i italiensk stil og marmorpilarar. Mot denne draumeaktige bakgrunnen låg det vesle liket i søndagsklede med hendene falda over brystet og eit sølvkjede i knappholet, tilsynelatande søkkt ned i ei ubeskriveleg lykke. Foreldra og nokre kvinner stod og gret utrøysteleg kring kista, mens sirkusorkesteret, som var lånt

ut gratis av direktøren, stod alvorstunge utanfor og spelte serenaden frå «Intermezzo», det mest sørgjelege stykket på repertoaret deira. I ein augneblink som dette, i platantrea si evige stille, var den døde utan tvil lykkeleg og fredfull. Men snart blei han rykt ut av det høgtidelege alvoret som han hadde kvilt i, og blei lasta på ei kjerre for å bli ført til kyrkjegarden og den fuktige, kalde gropa som var gjort klar til han. Parken han forlet, stod tom igjen etter han.

På marknaden lånte altså døden sjølv kunstige kulissar fylte av nostalgi, som om marknaden var ei verd for seg, og hadde som oppgåve å vise fram den endelause melankolien til den kunstige utsmykkinga frå begynninga til slutten av livet, som eksemplifisert av dei liva som levde i det dystre lyset i vokskabinettet eller i fotografane sine utanomjordisk vakre panorama. Slik blei marknaden for meg ei aude øy omslutta av eit trist skimmer, på alle måtar lik den tåkete og likevel klåre verda som anfalla i barndommen kasta meg inn i.

VI

Heime hos familien Weber, som eg ofte besøkte etter at Etna Weber døydde, likna andre etasje eit ekte vokskabinett. I romma der sola lyste inn heile ettermiddagen, sveva støvet og varmen langs vindauge og hyller der gammalmodige ting låg hulter til bulter. Sengene hadde blitt flytta ned til første etasje, og romma stod tomme. Gamle Samuel Weber (Agentur & Kommissjon) og begge sønene, Paul og Ozy, budde no der nede.

Det første rommet mot gata var innreidd som kontor. Det var eit rom som lukta mugg, var fullstappa av hovudbøker og konvoluttar med kornprøver og tapetsert med gamle flugeflekkareklameplakatar. Fleire plakatar hadde hange på

veggane i årevis og blitt heilt integrerte i familielivet.

Ovanfor kassskapet hang ein plakat som reklamerte for mineralvatn. Den viste ei lang, tynn kvinne i gjennomsiktige slør som helte det helsebringande vatnet over sjuklingar ved føtene sine. Ein som heilt sikkert også må ha komme dit for å drikke frå den mirakuløse kjelda i hemmelege nattetimar, var Ozy Weber med sine fløytetynne armar og brystbein som bukta seg utover som eit opphovna kalkunbryst.

Ein annan av familiens plakatar reklamerte for eit transportforetak med eit dampskip som glei fram over kvervlande bølger. Den komplette Samuel Weber sin person og la eit tredje maritimt element til sjøkapteinslua hans og brille-
ne med tjukke glas. Når gamle Samuel slo saman ei hovudbok, klemte den fast i pressa og vrei om jernstonga, såg det faktisk ut som om han stod ved roret på eit fartøy gjennom ukjende farvatn. Den rosa bomulla han hadde i øyra, hang ut i lange trådar og var sikkert eit klokt vern mot trekk til sjøs.

I rommet innanfor sat Ozy og las underholdningsromanar nedsokken i ein lenestol av lêr. Han heldt boka svært høgt for å fange det svake lyset frå gata som fall inn gjennom kontoret og inn i rommet. I eit mørkt hjørne skein framsida av ein monumental spyttekopp av tinn forma som ein katt, og på veggen kasta ein firkanta spegel eit uhyggeleg grått lys tilbake og minte på spøkelsesaktig vis om dagen utanfor.

Eg kom og helsa på Ozy på same måte som hundar går inn på framande gardsplassar – fordi porten står open og ingen jagar dei bort. Framfor alt var det ein merkeleg leik som lokka meg dit, eg minnest ikkje kven av oss som fann den på eller under kva omstende. Den gjekk ut på at vi dikta opp dialogar som vi skulle gjennomføre med det største alvor. Vi var nøyddde til å vere seriøse heile tida og ikkje på noko vis avsløre at det vi snakka om, ikkje hadde rot i verkelegheita. Eg steig inn, og utan å løfte blikket frå boka sa Ozy med eit uberørt, tørt tonefall: «Eg har fått ei slik forferdeleg hoste på grunn av pyramidonet eg tok i går kveld for å få sveisette. Eg har lege og kasta på meg

i senga heile natta, så til slutt kom Matilda (det fanst ikkje noka Matilda) og gav meg massasje.»

Dei idiotiske, absurde påstandane som Ozy kom opp med fann på, trefte meg som hammarslag i hovudet. Eg burde kanskje ha snudd på hælen og gått min veg, men eg svarte i same tone, og det med ei viss vellyst ved å senke meg ned til hans nivå. Eg trur at akkurat det var hemmelegheita med leiken. «Eg er sjølv blitt forkjølt (det var i juli)», sa eg, «og dokter Caramfil (som faktisk fanst) har skrive ut ein resept til meg. Men dessverre – har du høyrte det? – så blei han arrestert i dag.»

Ozy såg opp frå boka.

«Der ser du. Eg sa jo at han var involvert i falskmynteri. Han har halde på med det lenge.»

«Sjølvsagt har han det», la eg til, «korleis skulle han elles hatt råd til å spandere på alle dei tøytenene frå varieteen?»

Å samtale i slike ordelag og å dykke ned i middelmåtigheiter gav meg ei slags kvalmande nytting og samtidig ei vag fridomskjensle. Eg kunne alt-

så etter behag sverte legen som budde i nærleiken, og, som eg jo visste, gjekk til sengs klokka ni kvar kveld.

På denne måten snakka vi om kva som helst. Vi blanda fakta og påfunn heilt til samtalen fekk eit slags luftig sjølvstende og sveva fritt omkring i rommet som ein merkeleg fugl, og om det verkeleg hadde dukka opp ein fugl mellom oss, ville vi ha akseptert den like lett som vi aksepterte det faktum at orda våre ikkje hadde noko med oss sjølv å gjere.

Når eg kom ut på gata igjen, hadde eg ei kjensle av å ha sove djupt. Men draumen verka å halde fram, og eg såg forundra på at menneske stod og prata alvorleg med kvarandre. Forstod dei ikkje at ein kunne snakke alvorleg om kva som helst, verkeleg kva som helst?

Av og til hadde ikkje Ozy lyst til å snakke, men tok meg med på oppdagingsferd i andre etasje. I løpet av dei få åra etasjen hadde stått tom, hadde den blitt fylt med all slags merkverdige saker, ettersom gamle Weber hadde for vane å «sende opp»

alle unødvendige gjenstandar. I romma skein sola gjennom støvete gardinlause vindauge. Glaset i vitrineskapa skrangla lett når vi gjekk over dei gamle golvplankane, det hørdest ut som dei hakka tenner. Mellom to rom hang eit perledraperi i staden for dør.

Eg hadde komme opp dit ein smule svimmel av den varme dagen. Dei fullstendig forlatne romma gjorde meg endå meir omtåka. Det var som om eg levde i ei verd som var velkjend for alle andre enn meg. Kroppen erfarte ei merkeleg kjensle av smerte og likesæle på ein og same gong, ei kjensle som blei forsterka då eg var nøydd til å passere perledraperiet for å komme til neste rom.

Eg begynte å leite i kommodeskuffer etter gamle brev som eg kunne ta frimerka av. Frå dei gulna brevbunkane steig skyer av støv, og småkryp pilte raskt inn og gøymde seg blant papira. Eitt og anna brev fall ut frå konvolutten, opna seg og blotta ei gammaldags sirleg skjønnskrift i bleikt blekk. Det kvilte noko sørgjeleg og resignert over dette, ei slags trøytt oppsummering av tida som hadde gått sidan

dei blei skrivne, og ein lett æveleg søvn, lik søvnen til gravferdskransar.

Eg fann også alderdommelege fotografi, kvinner kledd i krinoline eller tankefulle herrar som la peikefingeren mot panna og smilte anemisk. Lengst ned på fotografa kom to englar med ei korg fylt med frukt og blomstrar, og under der stod det *Visittkort* eller *Souvenir*. Blant fotografa og gjenstandane i vitrineskapa – fruktfatet i rosa glas med rifla kant, små fløyelshandvesker utan anna innhald enn det mølletne silkefôret, gjenstandar med ukjende monogram – herska det ein atmosfære av fullstendig harmoni, av eit liv som var deira heilt eige. Livet dei representerte, for eksempel når menneska på fotografa levde og pusta og breva blei skrivne med verkelege, varme hender, var eit redusert liv i mindre skala i eit avgrensa rom innanfor ramma av breva og fotografa, eit liv liksom inneslutta i eit scenebilde sett gjennom feil side av ein kikkert. Perfekt ned til minste detalj, men bitte lite og veldig langt unna.

Når eg mot kvelden gjekk ned igjen, møtte eg ofte Paul Weber i trappa på veg for å skifte – han hadde klesskapet sitt i det første rommet i andre etasje. Paul var ein ung kar med rufsete, raudt hår og store hender. Munnen var stor, han hadde tjukke lepper, og nasen likna på nasen til ein klovn. Men i auga fanst ei ubeskriveleg ro og ei fredeleg truskuld. Alt han gjorde, fekk, takka vere dette blikket, ein avslappa og urørt framtoning.

Eg elska han høgt, men i hemmelegheit, og hjartet banka kraftig dei gongene eg møtte han i trappa. Eg likte den enkelheita han smilte og snakka til meg med, som om samtalen vår i tillegg til si eiga betydning også hadde ei meir uoppnåeleg og svevande meining. Han heldt på smilet også i dei mest alvorlege samtalar, til og med når han diskuterte forretningar med gamle Weber.

Eg elska også Paul for det hemmelege livet han levde utanfor dei daglege gjeremåla. Frå dette livet nådde berre ekkoa meg gjennom slikt som dei vaksne kviskra forskrekka om. Paul spanderte penga-

ne han tente på kvinner på varieteen. Det fanst noko ulækjeleg lagnadsbunde i utskeiingane hans, noko gamle Weber var ute av stand til å motsette seg. Ein gong surra rykte over heile byen om at Paul hadde løyst hestane frå vognene på torget og sleppt dei inn i varietésalongen, der han hadde improvisert eit slags sirkus og starta ein konkurranse mellom byens mest framståande fyllikar. Ein annan gong gjekk det rykte om at han hadde bada i sjampanje med ei kvinne. Og, ja, kva hadde han vel *ikkje* gjort?

Det var umogleg for meg å bli klok på sympatien min for Paul. Eg såg tydeleg menneska rundt meg, eg såg tydeleg den meiningsløysa og tristessen dei levde livet sitt med, eg såg dei unge jentene i parken som fniste idiotisk, eg såg kjøpmenn med dei sjølvhøgtidelege minene sine, eg såg den skodespelaraktige nødvendigheita til far min av å spele rolla som far, eg såg den brutale trøyttleiken til tiggjarane når dei hadde sovna i dei skitne bakgatene – og det heile flaut saman til noko allmenngyldig og banalt. Det var som om verda slik den var støypt i si endele-

ge form, hadde lege og venta i meg i all tid, og at alt eg gjorde frå dag til dag, berre var å stadfeste dette utdaterte innhaldet. Alt var enkelt, berre Paul stod utanfor det heile i eit fortetta liv som var kompakt og fullstendig utilnærmeleg for forstanden min. Djupt inni meg bevarte eg alle gestane hans og kvar minste meining, men ikkje som minne, heller som ein dobbel eksistens for dei. Eg forsøkte mange gonger å gå slik som han, observerte ei viss handrørsle og øvde den inn framfor spegelen heilt til eg syntest eg kunne herme den nøyaktig.

I andre etasje i Weber-huset var Paul den mest sofistikerte og mest gåtefulle figuren i vokskabinettet som til no, i tillegg til han sjølv, hadde bestått av dampskipskaptein Samuel Weber og den skjøre, sjukelege og infantile Ozy. Så tok han med heim den kvinna som hadde mangla: Og med det bleike ansiktet og dei mekaniske gestane sine gjorde ho vokskabinettet komplett.

VII

Eg fann også gamle ting og gjenstandar fulle av melankoli i ein annan folketom etasje, nemleg ei trapp opp i huset til farfar min. Der var veggane dekte med underlege måleri innramma av tjukke, forgylte trerammer eller tynnare rammer kledde i raudt stoff. Nokre var også utsmykka med små skjel, som var plasserte med ein presisjon som fekk meg til å stå og beundre dei i tmesvis. Kven hadde limt dei på? Kven hadde utført dei små, levande røslene som førte dei saman? Frå denne slags dødt arbeid blei heile eksistensar tapte i tidas tåke umiddelbart vekt til live igjen, som bilde i parallelle speglar senka ned i det grønne djupet av draum.

I eit hjørne stod grammofonen med hornet vridt oppover, ein vakkert måla strut med rosa og gule

striper lik ein enorm porsjon med vanilje- og rose-is, og på bordet låg gravyrar strødde, der to av dei førestilte Carol I. og dronning Elisabet. Bilda opptok meg lenge. Det verka som kunstnaren hadde hatt eit stort talent, for ansiktstrekka var distinkte og presise, men eg forstod ikkje kvifor han hadde brukt ei grå, falma måling som fekk papiret til å sjå ut som det hadde lege i blaut i lenge tid.

Ein dag gjorde eg ei oppsiktsvekkande oppdaging: Det eg hadde tatt for å vere utvatna måling, var ikkje anna enn ei stor mengd bitte små bokstavar som berre kunne tydast ved hjelp av eit forstøringsglas. Det fanst ikkje eit einaste penne- eller penselstrøk på portrettet; alt var ei opphoping av ord som gjenfortalde livshistoria til kongen og dronninga. Sjøkket viska på eit blunk vekk uforstanden eg hadde betrakta bildet med, og den tidlegare mistrua mi mot kunstnaren blei erstatta av grenselaus beundring. Trass beundringa ergra det meg at eg ikkje hadde lagt merke til den grunnleggande eigenskapen til bildet tidlegare, og samtidig vaks den store uvissa mi i

møte med alt eg såg: Når eg no i alle år hadde sett desse bilda utan å oppdage sjølv måten dei var laga på, kunne det då ikkje hende at meininga i alt anna hadde unngått meg som følge av ei liknande nær-syntheit, at betydninga i alt omkring meg kan hende låg oppe i dagen, liksom bokstavane portrettet bestod av?

Overflatene i verda fekk med eitt ein underleg glans og blei vagt ugjennomsiktige, tilsørte, som gardiner ein ikkje ser gjennom før lyset plutsleg blir tent inne i rommet og ein anar djupet. Men det var ikkje noko som lyste opp desse gjenstandane frå baksida, dei blei verande lukka i sin eigen tettleik, som berre sjeldan løyste seg nok opp til at den verkelege meininga klarte å skine gjennom.

I andre etasje hos farfar fanst det også andre særigenheiter som berre var hans. Utsikta mot gata, for eksempel. Husveggane var svært tjukke. Vindauga sat djupt inne og forma nisjar romslege nok til at ein kunne sitte behageleg der. Der installerte eg meg i

ein vindaugsnisje, let som eg sat i eit lite glaskammer, og opna vindaugget mot gata. Den trivelege nisjen og gleda av å kikke ned frå utkikkspunktet mitt fekk meg til å tenke at eg var i ei vogn med mjuke puter til å ligge på og med småvindauge der eg kunne kikke ut på ukjende byar og landskap på mi ferd gjennom verda.

Ein gong då far delte nokre barndomsminne, spurde eg kva som hadde vore hans mest inderlege ønske, og han svarte at han mest av alt hadde lengta etter ei fortrylla vogn han kunne ligge i og reise rundt i heile verda med. Eg visste at han som barn hadde budd i rommet i andre etasje mot gata, og eg spurde om han hadde likt å ligge i vindaugsnisjane og kikke ut. Han svarte overraska at han faktisk kvar kveld ved leggetid kraup opp i ein nisje og låg der i fleire timar, og ofte sovna der. Draumen om vogna hadde han truleg fått på same stad og under same omstende som eg.

Verda romma såleis ikkje berre fordømte plassar der anfall og svimmelheit lurte, men også

andre, meir velvillige plassar der veggane utsondra vakre og behagelege bilde. Draumen om ei vogn som fór gjennom verda, pipla ut gjennom nisjeveggane og fylte lik rusande hasjisj-røyk den som låg der.

Her oppe fanst også to små loftsrom, der eitt av dei hadde takvindaug. Der klatra eg ut for å sette meg på taket. Heile byen strekte seg ut nedanfor, grå og uformeleg, heilt ut til slettene der bitte små leiketøyaktige tog kørde over ei bru skjør. Det eg framfor alt ønskte, var å få sleppe svimmelheitsanfall og å finne same kjensle av likevekt som eg hadde nede på bakken. Eg ville leve det *normale* livet mitt på taket og, som i den tynne, skarpe lufta som finst i høgda, få bevege meg utan frykt eller medvit om tomrommet. Eg tenkte at om eg lykkast med dette, så ville kroppen kjennast meir elastisk og luftig, slik at eg blei forvandla og blei eit slags fuglemenneske.

Eg var overtydd om at det berre var konsentrasjonen for å ikkje falle som tyngde meg, og tanken på at eg var høgt oppe, fór gjennom meg som ei smerte eg ønskte eg kunne rykke opp med rota. For

at ingenting der oppe skulle verke annleis, tvinga eg meg kvar gong til å gjere noko bestemt og banalt: lese, ete og sove. Eg tok med kirsebæra og brødet som farfar hadde gitt meg, og klatra opp med det på taket, delte kvart kirsebær i fire delar og åt ein om gongen for at den *normale* aktiviteten min skulle vare så lenge som mogleg. Når eg hadde ete opp eit heilt kirsebær, kasta eg ned steinen og prøvde å treffe eit stort kar som stod på gata utanfor ein butikk.

Så snart eg kom ned igjen, skunda eg meg dit for å sjå kor mange steinar eg hadde lykkast å få ned i karet. Det var alltid tre eller fire. Men det som gjorde meg i overmåte skuffa, var at eg heller ikkje fann meir enn tre eller fire steinar ved sida av karet. Eg hadde altså ete ganske få kirsebær sjølv om eg syntest eg hadde sete oppe på taket i fleire timar. På den grøne porselensurskiva på klokka i rommet til farfar kunne eg likeins konstatere at det berre hadde gått nokre minutt sidan eg klatra opp. Tida blei truleg meir fortetta jo høgare opp den *gjekk føre seg*. Utan hell prøvde eg å forlenge tida ved å bli

sittande lenger på taket. Vel nede igjen blei eg kvar gong nøydd til å innsjå at det hadde gått betydeleg kortare tid enn det eg hadde førestilt meg. Dette forsterka den særeigne kjensla eg hadde av at alt var ubestemt og uavslutta. Tida her nede på bakken var meir uttynna enn i verkelegheita, den inneheldt mindre materie enn tida høgare opp og tok såleis del i det ustadige som fanst i alle tinga rundt meg, som verka så fortetta og likevel så ustabile og trua med å når som helst tape meininga si og den provisoriske forma si og tre fram i den forma dei hadde i den nøyaktige eksistensen sin ...

Etter farfar sin død blei andre etasje oppløyst bit for bit, ting for ting. Han døydde i det enkle, fuktige rommet som vende mot gardsplassen, der han i alderdommen hadde søkt ly, det rommet som han ikkje skulle forlate for anna enn den siste reisa si. Eg gjekk dit og helsa på han kvar dag då døden nærma seg, og deltok i sjukesalvinga, der han sjølv sa fram bønene med ei skjelvande røyst som var heilt utan

kjensler, etter å ha iført seg ei ny kvit skjorte for at bøna skulle bli meir høgtideleg. I dette vesle rommet såg eg han ligge død nokre dagar seinare, på eit metallbord for å bli stelt.

Farfar hadde ein nokre år yngre bror som var slåande lik han sjølv: Begge hadde det same avrunda hovudet og det same lysande kvite håret, det same livlege, gjennomtrengande blikket og det same skjegget, tynt som eit porøst skum. Denne broren hadde av familien blitt tildelt det ærefulle oppdraget å vaske den døde, og han tok oppdraget, trass alderen og svinnande krefter, med stor iver. Han skalv over heile kroppen då han bar bøttene med vatn frå krana på gardsplassen til kjøkkenet for oppvarming. Då vatnet var blitt varmt, bar han det inn i rommet og begynte å vaske liket med vaskesåpe og halmviskar. Mens han gnei, svelgde han tårene, og som om farfar kunne høyre han, kviskra han og sukka bittert: «Sjå for ein dag vi har komme til ... sjå kor mine svarte dagar har ført meg ... no er du død og eg vaskar deg ... akk og ve ... at eg må leve så lenge ... at eg må oppleve

denne stunda av sorg ...» Med dress-ermet tørka han kinna og skjegget som var vått av tårer og sveitte, og heldt fram med å vaske endå ivrigare.

Synet av dei to gamlingane var som ein optisk illusjon, skremmande like som dei var, den eine død og den andre i full gang med å vaske. Likvaskarane frå kyrkjegarden, som vanlegvis utførte dette arbeidet og fekk betalt av kvar og ein i familien for bryet, stod no i eit hjørne og stira hånleg på denne inntrengaren som hadde stole levebrødet deira. Dei kviskra seg imellom, røykte og spytta her og der på golvet. Etter omtrent ein times arbeid var broren til farfar ferdig. Liket låg på magen på bordet.

«Er du ferdig?» spurde ein av likvaskarane, ein småvakse kar med raudt fippskjegg, og knekte fingrane nervøst og fiendtleg.

«Det er eg», svarte bror til den døde. «No kan de kle på han ...»

«Jaså! Er du ferdig?» sa den vesle mannen ironisk. «Kallar du det der ferdig? Trur du at det

er slik du stappar døde i jorda? Så skitne og elendige som det der?»

Den stakkars gamlingen stod himmelfallen midt i rommet med en halmvisk i handa og bønfall oss alle med stumt blick om å ta han i forsvar. Han var viss på at han hadde vaska den døde med største omsorg, og han syntest ikkje at han hadde fortent denne fornærminga.

«No skal eg vise deg at du ikkje skal legge deg opp i slikt som du ikkje kan noko om», heldt den frekke mannen fram, rykte halmvisken ut av handa på den gamle, styrta fram til bordet, køyrde den inn i anus på den døde og ut kom ei stor mengd avføring.

«Ser du no at du ikkje veit korleis ein vaskar eit lik?» sa han. «Synest du at han skulle bli gravlagd med skiten inni seg?»

Bror til farfar skalv kraftig og brast i gråt.

Gravferda skjedde ein av hundedagane. Ingenting er så sørgjeleg og gjer større inntrykk enn ei gravferd i sommarvarme og strålande sol, når menneska og tinga i den dirrande heten verkar noko

større enn dei er, som om ein såg dei gjennom eit forstøringsglas. Og kva anna kunne menneska gjere på ein dag som denne enn å gravlegge sine døde?

I den trykkande varmen var det som om dei hadde gjort rørslene sine hundre år tidlegare, det same då som no som alltid. Den fuktige grava saug den døde inn i eit svalt mørke, som utvilsamt nådde han som den største lykke. Jordklumpane fall tunge på kistelokket mens menneska trøytt og sveitte i sine støvete klede heldt fram med å leve sine nødtvungne liv på jorda.



VIII

Nokre dagar etter gravferda til farfar gifta Paul seg. Han var ein smule trøytt under bryllaupet, men heldt på smilet sitt, eit trist, anstrengt smil som romma ein begynnande truskap. I opninga framme på skjortekragen bevegde den nakne, raude halsen hans seg på ein underleg måte. Buksa verka vere lengre og strammare enn vanleg. Som på ein klovn dingla frakkeskøytane grotesk lange. Heile vigselseremoniens latterlege alvor var konsentrert i han. Sjølv representerte eg ein meir hemmeleg og intim absurditet: Eg var den vesle klovnen som ingen la merke til.

Lengst inne i den mørke salen sat bruda og venta i ein lenestol på eit podium. Det kvite sløret

dekte ansiktet, og ikkje før ho vende seg frå baldakinen og løfta det, såg eg Edda for første gong.

På gardsplassen stod det kvite langbordet til gjestane. I porten hadde alle omstreifarane i byen samla seg, himmelen var ubestemmeleg leiregul og bleike brudepiker i blå og rosa silkekjolar delte ut karamellar pakka inn i sølvpapir. Det var bryllaup. Musikarane gnissa fram ein sørgjeleg gammal vals. No og då auka rytmen, vaks og livna til, men så blei melodien tynna meir og meir ut heilt til den metalliske tråden til solofløyta var alt som var igjen.

Dagen blei forferdeleg lang. Å halde på med bryllaup ein heil dag var for mykje. Lengst inne på gardsplassen var det ingen gjestar. Der låg hotellstallen og ein liten haug der eg stod og observerte på avstand, mens nokre høner gjekk og pikka korn blant grasstråa, og frå gardsplassen kom den vemdige valsen som i kast og blanda seg med den friske dufta av nyslått høy frå stallane. Derfrå såg eg Paul gjere noko uvanleg: Han snakka med Ozy og må ha fortalt ein spøk, kanskje ein anekdote, for krøplingen

begynte å le så mykje at han blei lilla i ansiktet og var nær ved å kvelast under det bulande skjortebrystet.

Til slutt fall natta. Dei einslege trea på gardsplassen flaut saman med det dystre mørket og auste ut av seg ein gåtefull, usynleg park. Inne i den svakt opplyste salen sat bruda framleis på podiet ved sida av Paul og lente hovudet mot han kvar gong han kviskra noko til henne. Ho la den mjuke armen sin i handa hans, og fingrane hans strauk den kvite hansen.

Kaker blei sette fram på borda. Den mest imponerande var eit monumentalt slott med vollar og strebepillarar i rosa krokan. Det var dekt av glasureblomstrar, og blomsterblada skimra av og til matt, av og til glinsande. Kniven blei stukken ned i midten av kaka, ei rose knasa og sprakk i stykke som eit titals små glasskar. Dei gamle damene spaserte majestetisk omkring i fløyelskjolane sine med smykke på barm og fingrar, dei gjekk sakte og høgtideleg som små, ambulerande, rikt utsmykka kyrkjealter. Langsamt, langsamt blei salen sløra til, og alt eg såg, blei meir

uklårt og meir absurd ... Eg sovna med blikket festa på dei varme, raude hendene mine.

Rommet eg vakna opp i, lukta av gammal røyk, i ein spegel framfor meg reflekterte vindauget lyset i morgongryet som ein perfekt firkant av blå silke. Eg låg i ei uoppreidd seng full av puter. Det suste svakt i øyra mine som suset i ein konkyllie; i rommet sveva tynne røykstrimer. Eg forsøkte å sette meg opp, og hendene mine leita seg bortover utskjeringane i senga. Nokre former fylte handa mi, andre stakk ut av senga og vaks i det matte lyset og grov seg inn i uendelege kreneleringar, hol og taggete muggflekkar. I løpet av nokre augneblinkar fyltest rommet immaterielt av ei mengd spiralar som eg måtte føyse unna og bane meg veg gjennom for å komme fram til døra. Det suste heile tida i hovudet, og alle holromma i lufta gjentok liksom surringa. Ute i korridoren vaska det kvite lyset kinna mine kalde og vekte meg skikkeleg. Eg møtte ein herre i lang nattskjorte. Han skulte forarga på meg, som om han bebreida meg for å vere kledd så tidleg om morgonen.

Ingen andre var å sjå. Nede på gardsplassen stod framleis langbordet med granplankane sine blotta. Morgongryet var grettent og kaldt. Vinden blåste farga karamellpapir bortover den tomme plassen. Korleis hadde bruda halde hovudet sitt? Korleis hadde ho lent det mot skuldra til Paul? I nokre vokskabinett hadde ein av kvinnefigurane ein mekanisme som fekk henne til å legge hovudet på skrå og lukke auga.

Bygatene var tømte for meining; kulda trengde inn gjennom kleda mine. Eg var søvnig og frosen. Då eg lukka auga, la vinden eit kaldare kinn over mitt, og over augnelokka kjende eg liksom ei maske, maska til ansiktet mitt, der innsida var så mørk og kald som baksida til ei ekte maske av metall. Kva hus langs min veg kom til å eksplodere? Kva lysstolpe kom til å bøye seg som ein gummibatong for å skjere grimasar til meg? Ikkje nokon stad i verda og ikkje under noko omstende hende det noko som helst.

*

Då eg kom fram til torget, stod det folk der og lasta kjøtt ut til slaktebuene. Dei kom berande på halve dyrekroppar, raude og lilla bloddrypande dyrekroppar, bar dei fram høge og noble som døde prinsesser. Det låg ei varm lukt av kjøtt og urin i lufta. Slaktarane hengde dyra opp med hovudet ned og dei svarte, kuleforma auga retta mot bakken. Dei blei hengde i rekke mot dei kvite kakkelveggane som raude skulpturar i den skjøraste material, flankane vassblanke med regnbogeaktige refleksjonar og og gelatinens grumsete transparens. Ein gapande buk var kanta av muskelfiberblonder og tunge perleband av feittkuler. Slaktarane stakk dei raude hendene sine inn og tok ut verdifulle innvolær, runde, kjøttfulle, blodige saker som breidde seg elastiske og varme utover på bordet. Det ferske kjøttet skimra fløyelsmatt som blomsterblad på monstrøse, hypertrofiske roser.

Morgongryet var stålblått; den kjølige morgonen song med ein djup orgeltone. Med eitt blei alt

fjernt og deprimerande. Det var morgon, menneska lasta av kjøtt, vinden trengde gjennom kleda mine, eg hutra av kulde og søvnmangel. Kva var det for slags verd eg levde i? Vognhestane observerte menneska med dei tårevåte auga sine; ei hoppe sleppte frå seg ein varm bekk av urin over brusteinen. Himmelen laga djupe, mørke innhogg i den av og til skummande, av og til klåre gjørma, og alt blei distansert, tomt.

Eg begynte å springe som ein galning gjennom gatene. Sola braut fram raud mellom taka, i gatene med høge hus herska framleis mørket, og berre i gatekryssa leita eit glitrande lys seg fram som gjennom dører på gløtt i ein tom korridor.

Eg gjekk forbi på baksida av huset til Weber. Dei tunge vindaugslukene i andre etasje var stengde, alt var forlate og sørgjeleg; bryllaupet var over.



IX

Med Edda sin ankomst blei andre etasje i Weberhuset lyst opp av skuggar og svalleik, på same måte som nokre glenner i djupe skogar får ein særskild klårleik av det grøne lyset som siler ned gjennom lauvverket. Aller først hengde Edda opp gardiner framfor vindauga og la mjuke teppe på golvet, som dempa alle dei tomme ekkoa i etasjen.

Kvar morgon stod eg ute på terrassen og laga lister over alle dei samanfletta og kunstferdige tinga som blei løfta ut av vitrineskapa. Saman med Ozy tørka eg samvitsfullt av kvar og ein av dei, berre for deretter å hive dei i ei kasse eller i søpla. Edda kom og gjekk på terrassen iført blå morgankåpe og tøflar med hæljar som klapra for

kvart steg. Av og til blei ho ståande og lene seg mot balustraden, smalna auga ein smule og betrakta den strålande himmelen. Etasjen fekk ei knapt merkbar duft som forvandla alt som fanst i den, slik ein sterk essens gjer når den blir blanda med sprit.

Alle desse endringane dukka så uføreseieleg og brått opp i livet mitt og var så lausrivne frå konturane sine i fortida at eg var ute av stand til å forstå dei. Edda blei ytterlegare ein ting, ein gjenstand rett og slett, som med sin eksistens pinte og plaga meg som eit ord som blir gjentatt mange gonger og blir uforståeleg samtidig som meininga verkar vere tvingande nødvendig. Perfeksjonen i tilværet kunne når som helst lyse gjennom slik ein blomster må bryte gjennom det ytste laget av knoppen for å slå ut i den frie lufta.

I løpet av desse sommarmorgonane ute på terrassen skjedde det noko, og heile kroppen min kjempa forgjeves med å skjone kva det var. Eg var rusta til å møte Edda med all bitterheita,

audmjukinga og den uunngåelege latterleggjerin-
ga som hørde kjærleikseventyret til.

Perledraperiet mellom romma fekk lov til å bli verande, i vitrineskapa blei det hengt opp kvitt tøy bunde med fargerike band og store rosetter, og Weber-huset gjennomgjekk ei stor forandring. Rundt Edda danna det seg ein pantomime med fire aktørar: Paul blei alvorleg og trufast, gamle Weber kjøpte ei ny lue og eit par briller med gullinnfatning, Ozy venta andpusten av spenning på at Edda skulle rope han opp, og eg sat ute på terrassen med eit fuktig blick og stira tomt framfor meg.

Kvar laurdagsettermiddag samla vi oss i rommet mot gata der grammofonen spelte orientalske ariar frå *Kismet*, og Edda serverte bittersøte bakverk med honning og mandel. I ei fruktskål låg det hasselnøtter som nesten berre Samuel Weber åt av og togg så langsamt og ettertrykkeleg at adamseplet fór opp og ned i halsen på han som ei dokke i ein gummistrikk. Han sat med eine beinet over det andre, noko som utgjorde ei kvilestilling heilt framand

for ein kornhandlar og meir vanleg blant skodespelarane på scena, og når han snakka, kneip han saman leppene for ikkje å vise gulltennene sine. Han var redd for å komme borti sjølv den minste gjenstand, og når han gjekk gjennom perledraperiet, snudde han seg og førte dei to halvdelane sakte saman slik at inga klirring skulle oppstå. Misdanningane til Ozy bøygde og tilspissa seg i ein tilstand av ytste merksemd. Pukkelen på brystet syntest å stikke endå meir ut, som om også den anstrengde seg for å få med seg kvart minste ord frå munnen til Edda og for å vere i forkant. Paul vandra einsam fram og tilbake på teppet, roleg og sjølvsikker. Gestane hans var så vel avrunda at ingenting kunne leggest til eller trekast frå, og når han omfamna Edda, blei vi andre tre så nøgde og glade, ettersom han, når alt kom til alt, gjorde det betre enn nokon av oss.

Kva meg angår, så veit eg ikkje heilt kva som skjedde dei dagane. Ein ettermiddag då eg kvilte i ein lenestol, trykte eg kinnet hardt mot stoffet. Dei små, stive stråa i tøyet trengde inn i kinnet slik at det gjor-

de skikkeleg vondt. I same sekund vaks det i meg eit brennande, latterleg og storslått ønske om å utføre ein helledåd, ein slik absurd tanke som berre kan dukke opp i hovudet ein kjedeleg laurdagsettermiddag mens ein lyttar til grammofonmusikk. Eg trykte kinnnet hardare og hardare mot stoffet, og jo verre smerta blei, desto meir hardnakka blei tolmodet mitt med å halde den ut.

Kanskje finst det også andre typar svolt og tørst enn dei organiske, og noko inni meg hadde den gongen behov for å bli stilt gjennom enkel, akutt smerte. Hardare og hardare trykte eg kinnnet mot tøyet, gnei det mot den harde busta og pinte meg med ei smerte som heldt på å slite meg i stykke.

Plutseleg blei Edda ståande med ei grammofonplate i handa og stira forferda på meg. Stilla som la seg rundt oss, gjorde meg svært ukomfortabel.

«Kva i all verda er det som feilar han?» spurde ho.

Eg såg meg i spegelen. Eg såg tåpeleg ut, fullstendig tåpeleg: På kinnnet hadde eg ein lilla flekk der ein og annan drope blod pipla fram.

Eg stira på det blødande kinnet mitt i spegelen og kunne trass alt ikkje la vere å konstatere at eg på symbolsk vis likna omslaget på ein underhaldningsroman som førestilte ein blødande russisk tsar med handa pressa mot kinnet etter eit attentat. Meir enn smerta i kinnet var det no det elendige utfallet av heldedåden som plaga meg, eg hadde enda opp med å spele ut ein episode frå *Mysteria ved hoffet i Petrograd*.

Edda dyppa eit lommeterkle i alkohol og tørka kinnet mitt mens eg kneip saman auga for å halde ut svien. Huda på den utsette staden blei varm og brann som eld.

Eg gjekk omtåka ned trappene, og dei ugjestmilde gatene tok imot meg med den støvete monotonien sin.

Sommaren hadde fylt parken, trea og lufta med eit kaos som minte om teikninga til ein galen mann. Det varme, sprudlande bladverket i parken hadde est ut, tjukt og monstrøst. Det var som flytande lava. Steinane brann, hendene mine blei raude og tunge.

I den mjuke, varme einsemda bar eg omkring på bildet av Edda, mangfaldiggjort i ti eksemplar, ti, hundre, tusen Eddaer ved sida av kvarandre i sommarvarmen – som statuar, identiske og påtren-gande.

Det var ei brutal og likevel klår fortvilning i alt eg såg og kjende. Parallelt med det elementære, enkle livet mitt vaks det fram andre intimitetar i meg – varme, elska, hemmelege – som ei eineståande, fantastisk indre spedalsksjuka. Eg komponerte detaljane i dei innbilte scenene mine med minutiøs presisjon. Eg såg føre meg hotellrom med Edda liggande ved sida av meg mens skumringslyset fall inn mellom tjukke gardiner og dei lette skuggane teikna sirklar på dei sovande kinna hennar. Eg såg mønsteret på teppet ved senga der den venstre skoen hennar stod, og likeså den opne handveska på bordet, der fliken av eit lommetørkle stakk ut. Klesskapet med spegelen der halve senga syntest, og blomstermønsteret på veggane. Ein bitter etter-smak hang att etter alt dette.

Eg følgde etter ukjende kvinner i parken, følgde hakk i hæl heilt til dei gjekk heim til seg sjølv og eg blei ståande øydelagd og fortvilt framfor ei stengd dør. Ein kveld enda eg opp ved eit hus skilt frå gata av ein liten hage svakt opplyst av ei glødelampe. I eit plutselig innfall, som eg ikkje visste eg hadde i meg, opna eg porten og sneik meg inn i hagen, mens kvinna gjekk inn i huset utan å legge merke til meg. Eg stod einsam igjen i hagegangen. Då fór ein merkeleg idé gjennom hovudet på meg.

Midt i den vesle hagen låg det ein blomster-rabatt. I neste sekund stod eg midt i den, fall ned på kne med handa på hjartet og blotta hovudet som i bøn. Det eg ville, var dette: å få stå der så lenge som mogleg, urørleg, midt i rabatten. Eg hadde lenge vore plaga av ein lengt etter å utføre ei absurd handling på ein heilt ukjend stad, og no skjedde det spontant, utan større innsats, nesten som ei glede. Kvelden stod varm og surrande kring meg, og i løpet av dei innleiande augneblinkane kjende eg ei enorm takksemd mot meg sjølv for å ha tatt ei så

modig avgjerd. Eg bestemte meg for å bli ståande på kne heilt stille. Sjølv om ingen kom og jaga meg bort, skulle eg stå der heilt til morgonen kom. Etter kvart stivna eg i bein og armar, og stillinga mi skapte eit indre skal av urørlegheit og uendeleg fred. Kor lenge stod eg slik? Plutseleg høyrde eg røyster inne i huset, og utelyset blei sløkt. I mørket merka eg endå tydelegare nattbrisen og mi eiga einsemda i hagen til eit framand hus. Etter nokre minutt blei lyset tent igjen, for så å bli sløkt. Nokon inne i huset tente og sløkte lyset for å sjå kva verknad det hadde på meg. Eg stod framleis på kne utan å røre meg ein tomme, fast bestemd på å halde ut sjølv vanskelegare eksperiment enn denne leiken med lampa. Eg heldt handa mot hjartet, og knea stod i jorda.

Då gjekk døra opp, og nokon kom ut i hagen mens ei grov røyst skreik innanfrå huset: «La han vere! La han vere i fred, så går han snart sin veg.» Kvinna som eg hadde følgt etter, kom bort til meg. No var ho iført morgonkåpe og tøflar, og håret var utslått. Ho såg meg i auga i nokre sekund utan å

seie noko. Vi tagde, begge to, før ho til slutt la handa på skuldra mi: «No er det nok», sa ho mildt, som om ho ønskte å vise at ho hadde forstått gesten min og hadde venta ei stund for at den skulle utspele si rolle.

Denne spontane innsikta avvæpna meg. Eg reiste meg og børsta støvet av buksa.

«Har du ikkje vondt i beina?» spurde ho. «Eg ville aldri klart å knele så lenge.»

Eg hadde lyst til å svare noko, men klar- te berre å mumle «God aftan», før eg skunda meg derfrå.

Endå ein gong hylte all mi fortviling inni meg.

X

Eg var ein lang, mager og bleik ungdom med ein spinkel hals som stakk opp av ein altfor vid jakkekrage. Dei lange hendene mine hang som nyslakta dyr nedanfor erma. Lommene var sprekkeferdige av papir og andre gjenstandar. Med stort strev klar- te eg så vidt å nå lommetørkleet lengst nede for å tørke støvet av skoa då eg kom inn til gatene i sen- trum.

Rundt meg gjekk dei enkle og elementære hendingane i livet sin gang. Ein gris gnei seg hardt mot eit gjerde, og eg blei ståande i fleire minutt og stire på den. Ingenting kunne overgå raspinga av den stride busta mot treverket; det var noko enormt

tilfredsstillande i det, ei roande forvissing om at verda heldt fram med å eksistere.

Eg brukte også mykje tid i ei gate i utkanten av byen, der det låg ein verkstad for folkekunst. I verkstaden fanst det tusenvis av kvite, flate gjenstandar midt blant krøllete sponar som fall ned frå høvelbenken og fylte rommet med det stive, harpikksduftande skummet sitt. Trestykket under verktøyet blei stadig tynnare og bleikare, og årene tredde fram klåre og veldefinerte som under huda på ei kvinne.

På eit bord i nærleiken låg det kuler av tre, rolege og tunge kuler som fylte heile innsida av handflata med ei glatt, ubeskriveleg tyngd. Vidare fanst det sjakkbrikker som dufta fersk lakk, og ein heil vegg full av blomstrar og englar. Nokre gonger avslørte materialet storslåtte eksem med misdanningar i blondemønster, måla eller utskorne.

Om vinteren blei det tunge vatnet forvandla til lange, slanke istappar, og om sommaren slo blomstrane ut i tusenvis av små eksplosjonar med flammande kronblad i raudt, blått og oransje. Heile året

gjennom skar treskjeremeisteren, som mangla det eine glaset i brillene sine, røykringar og indianarpi-ler, sniglehus og bregnar, påfuglfjør og menneskeøy-re ut av treet.

Forgjeves følgde eg det langsame arbeidet for å få med meg akkurat den augneblinken då den taggete og fuktige treblokken blei forvandla til ei terose.

Forgjeves forsøkte eg sjølv å utføre mirakelet. Men då eg stod med det uhøvla, flisete, stein-
harde grantreet i handa, tredde plutseleg noko glatt og slapt fram under høvelen, som ei kjensle av svimmelheit. Kanskje var det slik at eg i same augneblink som eg begynte å høvle på planken, blei gripen av ein djup søvn, der enorme krefter vaks som tentaklar ut i lufta, fór inn i treet og forårsaka katastrofen.

Kanskje var det slik at heile verda stansa i den augneblinken, slik at ingen visste kor lang tid som hadde gått. I den same djupe søvnen hadde sikkert treskjeremeistaren skore ut alle liljene på veggen og alle fiolinane og spiralane deira.

Då eg kom til meg sjølv igjen, viste treet fram årringane sine som skjebnelinjene i ei open handflate. Eg rørte ved den eine gjenstanden etter den andre, forundra over kor ulike dei var. Eg tok ei kule i handa, let fingrane gli sakte over den, strauk den mot kinnnet, snudde på den og sleppte den slik at den snurra rundt, til inga nytte, til inga nytte, det var ikkje noko å forstå.

Eg var omringa av hard, urørleg materie på alle kantar – her i form av kuler og trefigurar, ute på gata i form av tre, hus og steinar. Kraftig og tvingande heldt materien meg fanga, frå topp til tå, same kva retning tankane tok meg. Den begynte med kledda mine og strekte seg heilt ut til kjeldene i skogen, den sprang gjennom veggar, gjennom tre, gjennom stein, gjennom glas ...

Frå kvar krik og krok trengde lavaen frå materien ut av jorda og stivna i form av hus med vindauge, tre med greiner som heile tida vaks høgare for å spidde tomheita, i form av blomstrar som fargerikt og mjukt fylte ut små groper i rommet, i form av kyr-

kjer som pressa kuplane sine høgare og høgare opp til det smale korset på toppen, der materien gav opp å strøyme vidare, for svak til å halde fram. Materien hadde invadert lufta overalt, brote seg inn i den, fylt den med innkapsla steinbyllar og skadde trehol ...

Eg gjekk omkring, galen av tinga eg såg, tinga som det var skjebnen min å ikkje klare å verje meg mot. Det hende likevel av og til at eg fann ein avsidesliggande plass der eg kunne kvile hovudet. Der stilna for ein augneblink alle svimmelheitsanfalla mine, og eg kjende meg betre. Ein gong fann eg ein slik tilfluktsstad på ein underleg og høgst uventa plass i byen. Den var faktisk så merkeleg at eg aldri ville tenkt tanken på at den kunne ha utgjort ein trygg og komfortabel gøymestad. Det som dreiv meg til dette nye eventyret, var nok ikkje anna enn den brennande tørsten min etter å fylle tomheita i dagane mine, uansett på kva slags vis.

Ein dag då eg kom gåande forbi varietélokalet i byen, tok eg mot til meg og gjekk inn. Det var ein roleg og lys ettermiddag. Eg måtte krysse ein skiten gardsplass

med mange stengde dører, og lengst inne fann eg ei som var open, og som leidde inn til ei trapp. I entreen stod ei kvinne og vaska klede. Korridoren lukta lut. Eg begynte å gå oppover trappa utan at kvinna sa noko, men då eg var halvvegs oppe, snudde ho seg mot meg og mumla, mest for seg sjølv: «Jaså! ... Så du har komme hit no ...» Ho forveksla meg sikkert med nokon ho kjende.

Då eg lang tid etter denne hendinga tenkte på denne detaljen, verka orda til kvinna ikkje lenger så enkle. Kanskje var dei eit forvarsel som gjennom munnen hennar viste meg at stadene til eventyra mine var utvalde på førehand, og at eg var skjebnebestemt til å falle ned i dei som i nøyte utplasserte feller. «Så du har komme hit no», sa røysta til skjebnen, «du har komme fordi du måtte, fordi du ikkje kan sleppe unna ...»

Eg kom inn i ein lang korridor, som var kraftig oppvarma av solskinet som fløyndde inn gjennom alle vindauga som vende mot gardsplassen. Dørene til romma var stengde; ikkje ein lyd hørdest nokon

stad, bortsett frå ei kran som draup uavbrote i eit hjørne, og sluket som absorberte kvar vassdrope, som om den slurpa i seg ei væske som var for kald.

Lengst inne stod ei dør open til eit loft der klede hang til tørk. Eg gjekk opp på loftet og kom fram til ein liten gang med reine, nyleg kvitkalka smårom, der det i kvart og eitt stod ein koffert og ein spegel. Det var openbert omkleddingsromma til artistane. Ei sidetrapp leidde ned, og via den kom eg ut på teaterscena.

Der stod eg, på den tomme scena framfor den folketomme salongen. Kvart steg laga underlege ekko. Stolane og borda i salongen stod ryddig ordna, klart for neste framsyning. Eg var einsam midt på scena framfor ein kulisse som førestilte ein skog. Eg ville opne munnen og kjende at eg burde seie noko med høg røyst, men var som lamslått av stilla.

Så fekk eg auge på sufflørkassa. Eg bøygde meg ned og kikka inn. Til å begynne med såg eg ingenting, men litt etter litt skimta eg øydelagde stolar og gamle rekvisittar. Med svært forsiktige bevegelisar

kraup eg ned i kassa og ut på golvet. Alt der nede var dekt av eit tjukt støvlag. I eit hjørne låg stjerner og kroner i forgylt papp som sikkert hadde blitt brukte til eit draumespel, i eit anna hjørne stod eit rokokkomøblement, eit bord og nokre stolar med øydelagde bein. I midten ein lenestol, majestetisk som ei kongetrone. Eg sokk utmatta ned i stolen, endeleg var eg på ein nøytral stad der ingen kunne vite at eg fanst. Eg la armene på dei gylne armlena og let meg bli byssa inn i ein tilstand av lykkeleg einsemd.

Mørket omkring meg oppløyste seg ein smule; dagslyset leita seg skitent og støvete inn gjennom nokre doble vindauge. Eg var langt borte frå verda, langt borte frå dei varme, fortvilte gatene, i eit svalt og hemmeleg kammer i jordas indre. Stilla ruva eldgammal og muggen. Kven kunne ane kor eg var? Det var den mest usannsynlege plassen i byen, og eg kjende ei roleg glede ved tanken på at eg var der. Rundt omkring meg stod skeive lenestolar mellom støvete bjelkar og kasserte gjenstandar: Dette var staden som foreina alle draumane mine. I

fleire timar blei eg sittande, roleg og fullstendig lykkeleg.

Til slutt forlet eg gøymestaden min og gjekk tilbake same veg som eg hadde komme. Det merkelige var at eg heller ikkje no møtte eit einaste menneske. I det flammande skinet frå solnedgangen såg korridoren ut til å stå i brann. Sluket saug framleis til seg vatn med regelbundne, små slurp.

Ute på gata fekk eg ein augneblink inntrykk av at ingenting av dette hadde skjedd. Men buksa mi var støvete, og eg børsta ikkje av den, eg ville etterlate eit synleg bevis på den åtskilde, fantastiske einsemda eg no hadde lagt bak meg nede under scenegolv.

Dagen etter, på same tidspunkt på ettermiddagen, blei eg plutselig overmanna av lengt etter den åtskilde plassen i kjellaren. Det var så godt som sikkert at eg denne gongen skulle treffe på nokon, anten i korridoren eller i salongen. Ei stund forsøkte eg å stå imot freistinga til å gå dit igjen. Men eg var for trøytt, for varm av den heite dagen til å frykte

den tenkelege risikoen. Kva som enn hende, var eg nøydd til å dra tilbake dit.

Eg gjekk inn gjennom den same døra frå gardsplassen og oppover den same trappa. Korridoren var like tom, det var ingen i kjellaren eller nede i salen. I løpet av nokre få minutt sat eg igjen i den teatraliske lenestolen i den herlege einsemda mi. Hjartet slo kraftig; eg var svært opprømt fordi eskapaden min hadde vore så usedvanleg vellykka. Eg begynte ekstatisk å kjærteikne armlena på stolen. Eg ønskte at den situasjonen eg var i, skulle trenge djupt inn i meg, vege tungt og gjennomstrøyme kvart einaste fiber i kroppen slik at eg fekk erfare at den var sann. Også denne gongen blei eg sittande ei lang stund, og gjekk derfrå utan å møte nokon ...

Eg begynte å gå ned under scena regelmessig kvar ettermiddag. Og som om det heile var fullstendig normalt, var korridorane alltid tomme. Eg sakk lykkeleg ned i lenestolen. Inn gjennom dei skitne vindauga fall det same blå, svale kjellarlyset.

Det var den same hemmelegheitsfulle atmosfæren av total einsemd som rådde, og som eg ikkje kunne få nok av. Dei daglege utfluktene til teaterkjellaren slutta ein ettermiddag, like merkeleg som dei hadde begynt.

Då eg ved solnedgang kom ned frå loftet, stod ei kvinne ved krana i korridoren og helte opp vatn. Eg gjekk langsamt forbi henne og tok sjansen på å få spørsmål om kva eg gjorde der. Men ho heldt fram med oppgåva si med den likegyldige, vaksame mina som kvinner har når dei mistenker at ein framand skal til å tiltale dei. Eg stoppa framme ved trappa, og no ville eg gjerne komme i snakk med henne. Det hadde delvis med mi eiga nøling å gjere, delvis med at den trumpne kvinna forventa at eg skulle tiltale henne. Bruset av vatn frå krana delte den kalde stilla i to tydeleg avgrensa område.

Eg snudde og gjekk tilbake mot henne. Eg fekk for meg at eg skulle spørje om ho kjende ein person som kunne stå modell for nokre teikningar. Eg uttalte ordet *person* med fullstendig urørt mine,

for ikkje å gi inntrykk av eit trivielt ønske om rett og slett å få sjå ei naken kvinne, nei, alt eg brydde meg om, var den reint kunstariske interessa av å teikne.

Nokre dagar tidlegare hadde ein student, utan tvil med intensjon om å imponere, fortalt meg at han i București inviterte heim unge jenter under påskot av å ville teikne dei, for deretter å ligge med dei. Eg var sikker på at ikkje eitt einaste ord av det han hadde sagt, var sant, og ana at han berre tafatt gjenfortalde ei hending han hadde høyrte frå nokon annan, som om det hadde vore noko sjølvopplevd. Likevel hadde historia etsa seg fast i minnet, og her hadde eg den perfekte moglegheita til å nytte meg av den. Slik sett hadde det som ein heilt ukjend person hadde vore med på, vist seg fruktbart nok, etter å ha passert gjennom den ufruktbare marka til ein annan og igjen blitt så mogent at det kunne falle tilbake inn i verkelegheita.

Kvinna forstod ikkje, eller let som ho ikkje forstod, sjølv om eg anstrengde meg for å uttrykke saka så tydeleg som mogleg. I mellomtida hadde ei dør blitt

opna på gløtt, og ei anna kvinne kom ut. Dei rådslo kviskrande.

«Men då tar vi han med til Elvira, vel», sa den eine av dei. «Ho har jo ikkje noko å gjere.»

Dei gjekk føre meg bort til eit lite, mørkt rom på loftet som eg ikkje hadde lagt merke til, der det var lågt under taket. I staden for vindauge var der to hol i veggen som det trekte kaldt frå. Dette var filmprosjektorrommet som blei brukt til å vise film ute i varietéhagen om sommaren. På golvet syntest merka etter betongsokkelen der framvisaren hadde stått. I ei seng i eit hjørne låg ei sjuk kvinne og hakka tenner med dyna trekt opp til munnen. Dei to kvinnene gjekk sin veg og forlet meg einsam midt i rommet.

Eg gjekk fram til senga. Den sjuke stakk ut ei hand frå under dyna og heldt den fram. Den var lang, tynn og iskald. Eg prøvde å seie at det hadde oppstått ei misforståing, at eg hadde blitt ført til henne ved ein feil. Eg mumla nokre unnskyldningar og fortalde i vage ordelag kva saka

gjaldt: at eg trong hjelp av nokon som kunne stå modell for nokre teikningar til ein konkurranse. Av alt eg sa, hadde ho berre oppfatta ordet *hjelp* og svarte med matt røyst: «Ja ja ... greitt ... eg skal hjelpe deg ... så snart eg blir frisk ... akkurat no har eg ingenting ...»

Ho hadde forstått det slik at eg hadde behov for økonomisk hjelp av eitt eller anna slag. Eg gav opp å komme med vidare forklaringar og stod der flau utan å vite korleis eg skulle førebu sortien min. Men så begynte ho i eit heilt naturleg toneleie å unnskyldde at ho ikkje var i stand til å hjelpe meg.

«Som du kan sjå, eg har is på magen ... eg er varm ... å, så varm ... eg kjenner meg så dårleg ...»

Djupt nedstemd gjekk eg derfrå og kom aldri tilbake til varietélokalet igjen.

XI

Hausten kom med den raude sola og dei tåkete morgonane sine. Husa som trengde seg saman i lyset i utkanten av byen, dufta nykalka. Det var utvaska dagar med skyer som skitentøy. Regnet fall uavbrote i den tomme parken. Dei tunge gardinene av regn rasla gjennom alleane som i ein kjempestor, tom sal. Eg vassa med støvlar gjennom det våte graset, og vatnet flaut i straumar frå hår og hender.

Når det slutta å regne, blei dørene slått opp i dei skitne utkantgatene og husa kunne igjen puste. På innsida var dei enkelt møblerte med utskorne detaljar på skapa, kunstige blomstrar på kommodane, bronsemåla gipsstatuettar og fotografi frå Amerika. Eg visste ikkje nokon ting om desse liva, fortapte i

rom skjemde av mugg der det var lågt under taket, liv som var storslåtte i si resignerte likegyldigheit. Eg skulle gjerne budd i desse husa, trengt inn i dei inste hemmelegheitene deira og late alle draumar og all bitterheit løyse seg opp i atmosfæren deira som i ei sterk syre.

Kva skulle eg ikkje gitt for å stige inn i eit slikt rom, gå heimevand omkring og kaste meg ned på ein gammal divan med blomstermønstra kretongputer! For å få ein annan indre intimitet der, å få puste ei anna luft og sjølv bli ein annan, å utstrekt på divanen få ligge og tenke på gata der eg hadde gått, ligge inne i huset bak gardinene (og så nøyaktig som mogleg forsøke å førestille meg synet av gata slik det såg ut frå divanen når døra stod på gløtt) og plutsleg minnast det eg aldri har opplevd, minnast underlege detaljar frå det livet som eg alltid bar inni meg, minne av ein nærleik knytt til bronsemåla statuettar og ein gammal lampekuppel med blå og lilla sommarfuglar. Kor godt ville eg ikkje trivast i dei billige, likegyldige omgivingnadene som ikkje visste noko om meg.

Framfor meg breidde den skitne gata seg ut med den stadig like klissete gjørma si. Nokre hus spreidde seg som vifter, andre likna kvite sukkerbitar, andre igjen var mindre med taket dradd ned over auga og med samanbitne kjevar som boksarar. Eg møtte høykjerrer og plutseleg heilt merkverdige ting: ein mann som gjekk ute i regnet og bar ei lysekrone over ryggen, med krystallornament som høyrdest ut som ein symfoni av små bjøller mens dei tunge regndropane strøymde nedover dei skinande prisma. Det fekk meg til å lure på kva alvoret i verda eigentleg bestod av.

Regnet skylde over blomstrane og dei visna plantene i parken. Hausten hadde tent eld i dei, koparfarga, raude og blåsvarte, som oppblussande flammar før dei sløknar. På torget flaut vatn og gjørme i straumar over svære haugar med grønsaker. I dei snitta raudbetane kom jordas mørke blod plutseleg til syne. Lenger borte låg gode, vennlege poteter inn til haugar av opphovna kålhovud. I eit hjørne reiste ein haug med frykteleg vakre, oppblåste graskar seg,

sprekkeferdige i det spente skalet som hadde søge til seg sola gjennom ein heil lang sommar.

Midt på himmelen hopa skyene seg saman før dei spreidde seg og nokre stader blottla korridorar som forsvann inn i æva, andre stader veldige tomrom som meir enn noko anna viste den hjarteskjerande tomheita som stadig kvelva seg over byen. I slike stunder kom regnet langt borte frå, frå ein himmel utan ende. Eg likte treflatene som fekk ein annan farge i væta, og dei drypande våte, rustne jerngjerda rundt dei små, beskjedne kjøkkenhagane, som ei regnbye kunne sveipe gjennom lik ein veldig hestemane.

Av og til ønskte eg at eg var ein hund, så eg kunne betrakte denne våte verda frå dyrets skrå perspektiv, nedanfrå og opp med hovudet på skakke. Eg ville gå nærare bakken med blikket festa på den, fjetra av den blåsvarte leira. Dette ønsket, som lenge hadde slumra i meg, braut ustyrlig fram ein haustdag på allmenningen.

*

Den dagen hadde vandringa mi ført meg til jordet i utkanten av byen der storfemarknaden blei halden. Det regnvåte jordet strekte seg ut framfor meg som ein enorm gjørmepøl. Gjødsla gav frå seg ei sur lukt av urin. Sola gjekk ned omkring av gylne filler og purpur, framfor meg breidde den varme, mjuka gjørma seg langt bort i det fjerne. Kva kunne fylle hjartet mitt med større glede enn denne reine, sublimе massen av skit?

Først nølte eg. Dei siste restane av god oppseding kjempa inni meg med styrken til ei stor mengd døyande gladiatorar. Men i neste no sokk dei ned i ei svart, ugjennomtrengelig natt, og eg mista all *kunnskap* om meg sjølv. Eg tok eit første steg ut i gjørma, deretter endå eitt. Let skoa mine søkke behageleg i den elastiske, klissete deigen. Plutsleg var eg vaksen opp av gjørma, eg var eitt med den, eg hadde spirt opp derfrå. Heller ikkje trea var anna enn stivna gjørme som hadde trengt opp av jordskorpa. Fargen deira talte det tydelege språ-

ket sitt. Men var det berre trea? Kva med husa, og menneska? Framfor alt menneska. Heile menneskeslekta. Det var sjølsagt ikkje snakk om nokon idiotisk legende av typen «støv er du, og til støv skal du vende tilbake». Det var for vagt, for abstrakt, for immaterielt for dette gjørmejordet. Menneska og tinga spirte opp av sjøve gjødsla, denne urinen der eg trampa rundt med dei svært så konkrete skoa mine.

Forgjeves hadde menneska pakka seg inn i silkehud og sveipt seg i klede av tøy, forgjeves, forgjeves ... På innsida av dei låg gjørma uforsonleg, tvingande og elementær: den varme, tjukke, stinkande gjørma. Trisessen og einfaldet dei fylte livet sit med, viste dette klårt og tydeleg.

Sjølv var eg ein spesiell skapnad frå gjørma, ein misjonær den hadde sendt ut i denne verda. No vakna minnet av den i meg, og eg hugsa dei urolege, mørke febernettene då den inste gjørma mi gjorde nytelause forsøk på å trenge opp til overflata. Då lukka eg auga, og den heldt fram med å koke djupt inni meg og mumle uforståelege ting.

Det gjørmefulle jordet breidde seg ut i alle retningar. Dette var mitt sanne kjøtt og blod, ribba for klede, flådd, musklane skrella av, flådd *heilt inn til gjørma*. Den elastiske væta og råe lukta frå gjørma strekte seg heilt inn i innvolane mine fordi eg inst inne hørde til dei, heilt og fullt. Berre nokre ytre, reint tilfeldige trekk – for eksempel dei få gestane eg var i stand til å utføre, det skjøre, tynne håret på hovudet og dei fuktige, glasaktige auga mine – skilde meg frå den urørlege, urgamle skiten. Men det var lite, det var utan betydning når ein stod ansikt til ansikt med gjødsla sin enorme majestet.

Eg gjekk i alle retningar, føtene sokk ned til oklene. Det regna stille no, og langt borte dala sola bak dei blodige forhenga til skyene, fulle av puss. Plutseleg bøygde eg meg ned og kørde hendene i møkka. Kvifor ikkje? Kvifor ikkje? ville eg hyle. Slimet var lunkent og mjukt; nevane glei utan vanskar gjennom det. Då eg knytte dei, trengde møkka ut mellom fingrane i vakre, svarte, glinsande strimler. Kva hadde hendene mine gjort fram til no? Kor hadde dei kasta

bort tida si? Eg grov med hjartans lyst. Kva hadde dei vore fram til no anna enn eit par fengsla fuglar lenka fast til armane og skuldrene mine med tunge kjettingar av hud og musklar? Eit par stakkars fuglar skjebnebestemde til å flyge i idiotiske, veloppdragne gestar, innlærte og innøvde som om dei var meiningfulle. No blei dei gradvis ville igjen og naut den gamle fridommen sin. No tumla dei hovudstups ned i gjødsla, kurra som duer, flaksande med vengene og var lykkelege ... lykkelege ...

Av rein glede begynte eg å vifte med dei over hovudet, fekk dei til å flyge. Klumpar med skit fall ned i ansiktet på meg og over kleda. Kvifor skulle eg tørke det bort? Kvifor? Dette var berre begynninga; det fekk ingen alvorlege følgjer. Himelen rista ikkje, jorda skalv ikkje. Eg strauk umiddelbart ein handfull skit over kinnet. Ei overveldande munterheit greip meg, så begeistra hadde eg ikkje vore på lenge, eg gnei med begge hendene over kinna og halsen, drog dei deretter gjennom håret.

Regnet tetna plutseleg til eit fint duskregn. Sola heldt fram med å lyse over jordet som ei gigantisk lampe lengst inne i ein grå marmorsal. Det var eit solregn, eit gyllent regn som dufta nyvaska klede.

Jordet låg aude. Her og der var det haugar med visne maisstenglar som dyra hadde ete av. Eg tok opp ein stengel og forsøkte konsentrert å skrelle ein maiskolbe. Det var vanskeleg, for eg fraus så eg hutra, og hendene var fulle av gjørme. Men oppgåva interesserte meg. Det var mykje å sjå på ein vissne maisstengel.

På andre sida av jordet såg eg ei hytte med halmtak. Eg sprang dit og stilte meg under takskjegget. Bakken inntil veggen var heilt tørr. Der la eg meg ned. Eg stappa nokre gamle sekkar under hovudet, la beina i kryss og gav meg til å analysere maisstengelen inngåande.

Eg var lykkeleg over å kunne gå heilt opp i ei slik lidenskafeleg undersøking. Stengelens riller og holrom fylte meg med entusiasme. Eg sleit den sund

med tennene og fann eit mjukt, søtleg dun der inne. Det var den perfekte føringa for ein maisstengel; om menneska hadde hatt arteriar med mjukt dun som dette, ville mørket i dei vore meir behageleg, lettare å halde ut. Eg betrakta stengelen og lo stille inni meg, det var som om nokon sat der og blåste såpebobler.

Det var solregn, og langt borte i disen låg byen og dampa som ein søppelhaug. Nokre tak og kyrkjetårn glitra framandt i den fuktige skumringa. Eg var så lykkeleg at eg ikkje visste kva absurd handling eg først skulle foreta meg; analysere maisstengelen vidare, strekke meg rett ut igjen eller betrakte byen i det fjerne.

Eit stykke bortanfor føtene mine, der gjørma begynte, tok ein liten frosk plutseleg nokre hopp. Først nærma den seg meg, så kom den på andre tankar og sette av garde ut mot jordet. «Farvel, vesle frosk!» ropte eg etter den. «Farvel! Du knuser hjartet mitt med å forlate meg så snart ... Farvell!» Eg improviserte ein tirade til frosken, og då eg var ferdig, kasta eg maisstengelen etter den, gjorde mitt beste

for å treffe. Så, etter å ha stira på bjelkane over meg ei stund, lukka eg dei trøytt auga mine og døde av. Ein djup søvn omslutta meg, og hadde snart trengt seg inn i både merg og bein.

Eg drøymde at eg gjekk i gatene i ein støvete by, der sola lyste sterkt over kvite hus: kanskje ein orientalsk by. Eg gjekk ved sida av ei kvinne i svart, hylla inn i store sørgjeslør. Det merkelege var at ho mangla hovud. Sløra var plasserte tett omkring der hovudet skulle ha sete, men inni der gapa berre eit hol, ein tom sfære ned til halsen. Vi hadde det svært travelt, begge to, og følgde side ved side ei vogn merkt med raude kors, og der inne låg den døde maken til den sorgkledde dama.

Eg forstod at det var krig, og snart kom vi fram til ein jernbanestasjon der ein konvoi med såra soldatar akkurat hadde komme, og sjukepleiarar hasta omkring på perrongen berande på korgar med kirsebær og saltkringler som dei delte ut til dei såra om bord i toget. Plutseleg kleiv ein tjukk herre ned frå ei vogn på første klasse. Han var velkledd og hadde

ein dekorasjon i knappholet, monokkel og kvite sko. Den berre issen var forsøkt skjult under nokre sølvkvite hårrådar. I armane bar han ein kvit pekingesarkvalp med auge som likna to agatkuler flytande i olje.

Mannen gjekk fram og tilbake på perrongen ei stund og leita etter noko. Til slutt fann han det han søkte, ei jente som selde blomster. Han valde fleire nellikbukettar frå korga hennar og betalte med pengar frå ein elegant og smidig portemoné med sølvmonogram. Deretter kleiv han opp igjen i togvogna, og gjennom ruta såg eg korleis han plasserte hundekvalpen på det vesle vindaugsbordet og mata den med dei raude nellikane. Hunden åt ein etter ein med synleg appetitt ...

Eg vakna av eit forferdeleg gys.

Det regna kraftig no. Dropane knatra kloss inntil meg, og eg var nøydd til å trykke meg tett inntil vegg. Himmelen hadde blitt svart, og byen syntest ikkje lenger i det fjerne. Eg fraus, og likevel gløda kinna mine. Eg kjende tydeleg varmen rett under

skorpa av stivna gjørme. Eg prøvde å reise meg, men elektriske støytar fór gjennom beina mine. Dei hadde dovna heilt av, og eg var nøydd til å skilje dei forsiktig. Strømpene var kalde og våte.

Eg tenkte at eg kunne søke ly i hytta. Men døra var låst og opninga i vindaugget sperra. Vinden blåste regnet i alle retningar.

Skumringa fall, og mørket senka seg raskt over jordet. Borte i den eine enden, der eg hadde komme frå, blei eit lys tent i eit vertshus. Straks var eg der. Eg hadde lyst til å gå inn og drikke noko, slå meg ned i varmen midt blant menneska og dunsten av sprit. Eg rota i lommene, men fann ikkje ein einaste mynt. Utanfor vertshuset fall regnet muntert gjennom teppet av røyk og damp som strøymde ut innanfrå. Eg var nøydd til å bestemme meg for noko, for å dra heim, for eksempel. Men korleis kunne eg det, elendig og dekt med skit som eg var? Dessutan ville eg ikkje gi slepp på skiten.

Ei enorm bitterheit fylte sjela mi, den slags bitterheit som kan råke den som ser at det ikkje er

noko att å gjere, at ingenting står att å utrette. Eg begynte å springe gjennom gatene i mørket, hoppa over nokre pyttar og sokk ned til knea i andre. Ei plutselig fortviling steig opp i meg, eg ville hyle og dunke hovudet i trea. Men straks stansa all sorga i ein stille, roande tanke. No visste eg kva eg måtte gjere: No når ingenting kunne halde fram, gjenstod ikkje noko anna enn å gjere slutt på alt. Og kva ville eg etterlate meg? Ei drypande våt, stygg verd der regnet fall sakte.

XII

Eg gjekk inn bakdøra heime, sneik meg gjennom romma og unngjekk å sjå meg sjølv i spegelen. Eg leita etter noko som raskt og effektivt kunne styrte alt eg såg og kjende, ned i mørket, slik eit steinlass blir tømt frå ei vogn når ein drar ut planken i botnen.

Eg begynte å leite i skuffer på jakt etter ei sterk gift. Mens eg rota rundt, hadde eg ikkje ein einaste tanke i hovudet; eg var berre nøydd til å fullføre det heile så fort som råd. Det var som eg skulle utføre ei kva som helst slags oppgåve.

Eg fann berre alle moglege saker som eg ikkje hadde bruk for i det heile tatt: knappar, snøre, sytråd i ulike fargar, brosjyrar, alt lukta sterkt av naptalen. Så mange ting som ikkje kunne drepe eit men-

neske. Dette er kva verda inneheldt i si mest tragiske stund: knappar, sytråd og snøre.

Lengst inne i ei skuff fann eg ei eske med kvite tablettar. Det kunne like gjerne vere gift som ein harmlaus medisin. Men det slo meg at ei stor mengd av dei kunne vere dødelege.

Eg la ein tablett på tunga, og ein saltaktig og matt smak spreidde seg i munnen. Eg togg den sund, og pulveret som oppstod, absorberte alt spytt. Munnen blei tørt.

Det låg mange tablettar i eska, over tretti. Eg gjekk ut til vasskrana på gardsplassen og begynte langsamt og tolmodig å svelge dei ned. For kvar tablett tok eg ein munnfull vatn, og det tok lang tid å tømme eska. Dei siste nekta å gå ned, det var som om strupen hadde hovna opp.

På gardsplassen var det heilt mørkt. Eg sette meg på trappa og begynte å vente. Det starta å koke noko heilt forferdeleg i magen, men elles kjende eg meg vel, og det knatrande regnet gjorde meg svært roleg. Det var som om det forstod tilstanden min og

trengde djupt inn i meg for at det skulle gjere meg godt.

Gardsplassen blei ein slags sal der eg kjende meg lettare og lettare. Alt rundt meg anstrengde seg fortvilt for ikkje å drukne i mørket. Med eitt merka eg at eg sveitta veldig. Eg stappa handa innanfor skjorta, og då eg drog den ut igjen, var den heilt våt. Tomrommet rundt meg vaks slik at eg svimla. Då eg kom inn og kasta meg på senga, draup eg av sveitte.

Det var eit vakkert hovud, eit svært vakkert hovud. Det var omtrent tre gonger større enn eit menneskehovud og vrei seg sakte rundt ein akse av messing som gjekk frå issen ned til halsen. Først såg eg berre nakken. Kva kunne det vere slags materiale? Det hadde ein matt glans som av gammal porselen med opplyste parti av elfenbein. Langs heile overflata var små, blå teikn rissa inn, eit slags filigran reproduisert geometrisk, som mønsteret i ei korkmatte. Frå avstand såg det ut som sirleg handskrift på silkepapir: ufatteleg vakkert.

Plutseleg begynte hovudet å røre seg, vri seg rundt sin eigen akse, og eg blei gripen av ei kraftig svimmelheit. Om nokre sekund ville den andre sida vise seg, det visste eg – det skrekkelege, fryktelege ansiktet. Det var eit velforma ansikt med alle normale menneskelege konturar: djuptliggande auge, framskote hakeparti og under kvart kinnbein utgravne triangel, som på eit magert menneske. Men huda var fantastisk: Den bestod av fine skiver av tynt vev inntil kvarandre, som dei brune lamellane på undersida av visse typar soppar. Det var så mange skiver, og dei sat så tett. Om eg myste, såg alt heilt normalt ut og dei tynne linjene minte om graverte skuggar på eit koparstikk.

Om sommaren kunne kastanjetre med fullt utvakse lauvverk på lang avstand likna enorme hovud plasserte oppå stammene, med djupt innsokne kinn, akkurat som lamellane på hovudet eg såg. Når vinden blåste gjennom lauvet, bølga ansiktet som ein kornåker. Slik bølga også dette hovudet då messingpidestallen vingla.

For å få stadfesta at ansiktet bestod av tynne skiver, trong eg berre stikke fingeren eit lite stykke inn. Fingeren møtte ingen motstand, berre ein mjuk, fuktig masse. Når eg drog den ut igjen, glei skivene på plass utan å etterlate noko merke.

Ein gong i barndommen hadde eg vore med då eit lik blei grave opp og deretter gravlagt igjen. Det var leivingane av ei jente som hadde døydd ung og blitt gravlagt i ein brudekjole. Silkekorsettet var oppløyst i lange, skitne remser, og det som var igjen av broderiet, var dekt av jord. Jenta såg elles ut til å vere intakt. Ein kunne framleis skilje ansiktdraga hennar, men hovudet var likblått og såg ut som det var forma av oppbløytt papp.

Då kista var løfta opp og opna, strauk nokon handa si over kinnet til den døde. Alle vi som stod omkring, fekk oss ei forferdeleg overrasking: Det vi trudde var eit vel bevart ansikt, var berre eit tomme-tjukt lag av mugg. Det hadde erstatta hud og kjøtt heilt inn til beinet og slik halde formene intakte. Under der fanst berre det nakne skjelettet.

På same måte var det med hovudet eg no såg, med den einaste skilnaden at det ikkje var mugg, men lamellar av vev. Og gjennom dei nådde eg heilt inn til beinet med fingeren min. Dette hovudet var, om enn uhyggeleg, ei trygg tilflukt frå lufta.

Kvifor frå lufta? Jo, i rommet var lufta i stadig rørsle, trass at den var tung og tjuktflytande og forsøkte å koagulere til stygge, svarte stalaktittar. Det var i denne lufta at hovudet viste seg for første gong, og rundt omkring danna det seg eit tomrom lik ein lysring som stadig utvida seg. Eg var så entusiastisk over dette synet at eg fekk lyst til å le. Men korleis kunne eg le der i senga i nattemørket?

Snart elska eg hovudet med heile mi sjel. Det var det kjæraste, mest dyrebare eg eigde. Det kom frå ei verd av mørke, ei verd berre det svakaste ekkoet nådde meg frå, som ei konstant syding inne i skallen. Kva meir var det der? Eg opna auga og stira forgjeves ut i mørket, men ingenting viste seg, utover det elfenbeinskvite hovudet.

Eg spurde meg sjølv med ei viss bekymring om hovudet kom til å bli sentrum i livet mitt og gradvis erstatte alle andre interesser ei etter ei, slik at berre mørket og hovudet ville vere igjen til slutt. Det var som om livet då fekk ei fullstendig bestemd og verkeleg mening. Hovudet hadde vakse fram i lufta som ei fullmogne frukt. Det var gleden mi, kvila mi, den personlege sæla mi. Om den hadde tilhøyrt heile verda, hadde det kanskje medført ein forferdeleg katastrofe. Ein einaste augneblink av fullstendig lykke ville kunna forsteina universet for alltid.

Heile tida kjempa den vonde flyten av luft stadig svakare mot *hovudet*. Innimellom dukka far min opp ved sida av det, men vakt og upresist som ein tilsynkomst av kvit røyk. Eg visste at han skulle legge handa på panna mi; handa var kald. Eg forsøkte å forklare kampen mellom hovudet og lufta mens eg kjende korleis han knepte opp skjorta mi og smaug termometeret som ei slank glasøgle inn i armhola mi. Rundt hovudet begynte ei irriterande rørsle, som eit blafrande flagg. Ingenting kunne stanse det; flagget blafra uavbrote.

Eg mintest ein ettermiddag ved te-tid då Paul i andre etasje i Weber-huset hadde late handa falle ned på utsida av stolen og Edda på senga hadde strekt ut foten litt og begynt å kile handflata hans med skoen. Det var ein gest som med tida hadde begynt å romme ei uvanleg kraft. Når eg tenkte på den, begynte skoen frenetisk å skrape på handa til Paul slik at det oppstod eit lite sår og deretter eit hol i kjøttet. Skoen stoppa ikkje eit sekund med den enerverande, mekaniske rørsla: Den grov og grov inn i handa, deretter heile armen og så inn i heile kroppen.

Det var slik flaggrørsla i rommet begynte. Også den truga no med å grave hol i alt og kanskje sluke meg. Eg skreik til i fortvilning, våt av sveitte.

«Kor mykje?» spurde ei røyst frå skuggen.

«Trettini», svarte far min, gjekk derfrå og etterlet meg som eit bytte for stormane som blåste opp.

XIII

Rekonvalesensen melde seg ein morgon som eit enormt skjørt lys. Det kom inn i rommet der eg sov, gjennom vovne gardiner i eit takvindaug, og rommet mista på eit underleg vis tettleiken sin. Tydelegeita i tinga gjorde at dei blei lettare, og same kor djupt eg pusta, hadde eg framleis eit stort tomrom i brystet, som om ein viktig del av meg hadde forsvunne. Nokre smular hadde funne vegen under beina mine i dei varme sengekleda. Foten min leita etter jernramma på senga, og jernet stakk den som ein kald kniv. Eg prøvde å stå opp. Alt var slik eg hadde mistenkt: Lufta var for tynn til å bere meg. Svak i knea tok eg nokre prøvande steg ut i den, som om eg heldt på å krysse ei varm, dampande elv.

Eg sette meg på ein stol under takvindauget. Rundt meg jaga lyset bort konturane av tinga, som om det iherdig forsøkte vaske bort glansen i dei. Senga stod senka ned i mørket borte i hjørnet sitt. Korleis hadde eg under feberen i dette mørket klart å skilje ut sjølv dei minste gipskorna på veggen?

Eg begynte langsamt å kle på meg. Også kledda var lettare enn vanleg, dei hang på meg som remser av trekkpapir og lukta lut frå strykejernet.

Eg trampa gjennom stadig tynnare vatn og kom ut på gata. Sola bedøvde meg med det same. Store flekkar frå dei gule og grøne strålane dekte til hus og fotgjenngarar. Sjølv gata såg svak og sjukeleg ut, som om også den nettopp hadde komme ut av ein høg feber. Dei grå, skeive vognhestane kom gåande på unormalt vis. Delvis sakte og tungt og snublande framover, delvis jaga dei prustande i veg for ikkje å styrte over ende av utmatting midt på asfalten. Den lange korridoren av hus svaia lett i vinden. Langt borte ifrå kom ei sterk duft av haust. «Ein

vakker haustdag!» sa eg til meg sjølv. «Ein strålande vakker haustdag!»

Eg gjekk sakte langs dei støvete husa. I eit vindauge i ein bokhandel fekk eg auge på ei mekanisk leike som bevegte seg. Det var ein liten, raud og blå klovn som stod der og slo saman to bitte små messingsymbalar. Han var vel forskansa i rommet sitt, i butikkvindaug, blant bøker, ballar og blekkhorn, og slo symbolane jamt og sorglaust saman. Eg blei rørt til tårer. Det var så reint, så forfriskande og så vakkert, den beste staden i verda å stå fredfylt og spele symbalar ikledd fargerike festklede. Etter all feberer var dette noko enkelt og glasklårt. Haustlyset fall meir behageleg, meir intimt inn vindaug. Så fint det hadde vore å få bytt plass med den glade vesle klovnen blant bøker og ballar, omringa av reine gjenstandar som stod korrekt plasserte på eit blått papirark. Pang! Pang! Pang! Så fint det er, så fint det er å vere i butikkvindaug! Pang! Pang! Pang! Raudt, grønt, blått: bøker, ballar, måling. Pang! Pang! Pang! For ein vakker haustdag! ...

Men sakte og umerkeleg avtok klovnens sine bevegelsar. Først slutta han å slå saman symbolane, deretter blei han ståande med armene rett ut i lufta. Det var nærast med skrekk eg innsåg at klovnens hadde slutta å spele. Noko inni meg stivna til og gjorde vondt. Ein munter og vakker augneblink hadde frose til is. Raskt forlet eg butikkvindaugene og gjekk mot ein liten park midt i byen.

Kastanjetrea hadde felt sine gulna lauv. Den gamle uteserveringa var stengd, og framfor den stod øydelagde benkar huler til bulter. Eg sokk ned på ein av dei. Den var i så dårleg stand at eg nesten hamna på rygg med blikket mot himmelen. Sola sende fragmentarisk lys fullt av krystallar ned mellom greinene.

Der låg eg ei stund og kikka opp i himmelen, matt, ubeskriveleg matt. Plutseleg kom ein kraftig gut og slo seg ned ved sida av meg. Han hadde oppbretta skjorteerme, raud og kraftig hals og store, skitne hender. Han klødde seg ei stund i hovudet med alle ti fingrane og fiska deretter opp ei bok frå den eine

bukselomma og begynte å lese. Han heldt sidene tett saman så ikkje vinden skulle bla i dei, og las høgt for seg sjølv; no og då drog han handa gjennom håret som for betre å forstå.

Eg hosta insinuerande der eg framleis låg på benken og kikka opp i greinverket. «Kva les du?» spurde eg.

Guten stakk boka i hendene på meg som om eg var blind. Det var ei lang forteljing på vers om bandittar, ei skiten bok full av feittflekkar og kliss; det var tydeleg at den hadde passert mange hender. Mens eg kikka i den, reiste guten seg og stilte seg framfor meg, sjølsikker, med oppbretta erme og blotta hals. Likevel kjende eg no det same behaget og den same roa som då eg stod framfor butikkvindauget der klovnene spelte symbalar.

«Og ... får du ikkje vondt i hovudet av å lese?» spurde eg og gav boka tilbake.

Han såg ikkje ut til å forstå.

«Kvifor skulle eg få vondt i hovudet?» spurde han. «Det gjer ikkje vondt i det heile.»

Han sette seg ned igjen og heldt fram med å lese.

Det fanst altså ein kategori av omstende i verda som eg var skjebnebestemd å aldri vere ein del av: sorglause mekaniske klovnar og kraftige gutar som aldri fekk hovudverk. Gjennom trea i solskinet blåste ein frisk vind full av liv og reinleik. Eg var skjebnebestemd til å for evig bli igjen i utkanten, der reint mørke, mattheit og ørske rådde.

Eg strekte ut beina på benken, lente meg mot ein trestamme og fann ei svært behageleg stilling. Og kva hindra meg eigentleg i å vere kraftfull og sorglaus? Å kjenne ei frisk og levande sevje strøyme gjennom meg, slik den strøymde gjennom dei tusenvis av greinene og lauvet til treet, å stå rak og meiningslaus i solskinet, rak, edru, med eit trygt og veldefinert liv fanga i meg som i ei felle.

Første steg i denne retninga var kanskje å forsøke puste djupare og meir langsamt: Eg var ikkje god til å puste, brystet mitt var alltid for fullt eller for tomt. Men eg begynte å trekke inn luft med sjølvtil-

lit. Etter nokre minutt kjende eg meg betre. Eg kjende ei væske av perfektjon begynne å strøyme svakt gjennom årene og auke i intensitet for kvart sekund. Gatelyden langt borte minte meg på nærværet av byen, men no snurra byen sakte rundt meg som ei grammofonplate. Eg hadde på ein måte blitt midten av verda, ja sjølve jordaksen. Det viktige var å ikkje miste balansen.

Eg kom til å tenke på ei hending eg var vitne til ein morgon i eit sirkustelt mens artistane øvde. Ein entusiast i publikum, ein simpel, uskolert tilskodar, hadde plutselig, utan å blunke klatra opp på ein pyramide av stolar og bord som sirkusakrobaten nettopp hadde komme ned frå. Alle som var til stades, beundra den presisjonen som mannen steig opp på den farlege konstruksjonen med. Begeistringa over å ha lykkast i å overvinne dei første hindera fylte amatøreren med ein slags umedviten balanseevne som fekk han til å legge handa på nøyaktig den rette staden, plassere foten med så lite vekt som mogleg for å kunne ta neste steg oppover. Oppmuntra og lykkeleg

over sine sikre bevegelser nådde han toppen i løpet av nokre sekund. Men der skjedde det noko svært merkverdig: Med eitt blei han merksam på den vaklande posisjonen sin og det ekstraordinære vågemotet. Med klaprande tenner bad han lågmælt om ein stige og sa om og om igjen at dei der nede måtte halde den stødig så den ikkje skulle vingle. Gjennomvåt av svette klatra den ein gong så modige amatøreren uendeleg forsiktig nedover, steg for steg, forundra og forarga over at han hadde fått ideen om å klatre opp.

Der eg sat i parken, var det som om eg stod på toppen av den svaierende pyramiden. Rett nok kjende eg ei ny og sterk sevje sirkulere i kroppen, men eg var nøydd til å tvinge meg til ikkje å falle ned frå høgda av sjølvsikkerheita mi. Det slo meg at eg burde søke opp Edda, roleg, sjølv sikker og full av lys som eg var; det var lenge sidan eg hadde vore på besøk. For ein gongs skuld skulle eg stå fast og ubøyeleg framfor nokon.

Stille og storslått som eit tre. Akkurat slik – som eit tre. Eg fylte brystet med luft, strekte meg ut

i mi fulle lengd og retta ein kameratsleg helsing til greinene over meg. Det var noko strengt og enkelt i eit tre, noko som på ein forbløffande måte hang saman med dei nye kreftene mine. Eg strauk stammen slik eg kunne ha klappa ein venn på skuldra. «Tre, gamle venn!» Jo meir merksamt eg betrakta den uendeleg forgreinande trekrona, desto sterkare kjende eg korleis kroppen min delte seg opp på innsida, og korleis den friske lufta utanfrå begynte å sirkulere gjennom mellomromma. Blodet steig majestetisk og sevjefullt i årene, det skumma og saud av det enkle livet.

Eg reiste meg. Knea svikta, usikre på seg sjølv, som om dei ville samanlikne styrke og svakheit i ein nølende augneblink. Med lange steg gjekk eg heim til Edda.

Den tunge treporten ut mot terrassen var stengd. Urørlegheita i den gjorde meg ein smule villrådig. Alle tankane mine var som blåste bort. Eg la handa på dørklinka og trykte ned. «Opp med haka!» oppmuntra eg meg sjølv, men tok det straks tilbake.

Opp med haka? Berre sjenerte menneske treng mot for å gjere noko; dei normale, dei kraftfulle, kjenner verken mot eller feigskap, dei opnar heilt enkelt berre døra, slik som dette.

Det svale mørket inne i det første rommet omslutta meg med ein atmosfære av gledeleg ro, som om det hadde venta lenge på meg. Denne gongen fall perledraperiet saman bak meg med eit underleg klirr, som gav meg kjensla av at eg var aleine i eit folketomt hus ved verdas ende. Var det ei slik kjensle av ekstrem balanse mannen høgast oppe på stolpyramiden kjende?

Eg banka kraftig på døra til Edda. Ho svarte forskrekka: «Kom inn!»

Men kvifor hadde eg gått så stille? Gjekk eg stille? Eg meinte at nærværet av ein person som eg, eller rettare sagt av eit tre, burde leggest merke til allereie på lang avstand. Men inne i rommet vekte eg inga forundring, inga begeistring, ikkje den minste kjensle.

Nokre sekund gjekk tankane føre meg, og eg idealiserte med stor perfeksjon verdige gestar. Eg såg meg sjølv stige sjølvikkert fram og med ei reservert

rørsle slå meg ned ved fotenden i senga der Edda låg. Men den personen eg eigentleg var kom som eit elendig, ubrukeleg påheng etter desse vakre førestillingane. Edda bad meg om å sette meg, og eg sette meg på ein stol på andre sida av rommet.

Mellom oss stod bestefarsklokka og tikka, enerverande og svært høgt. Det var merkeleg: Tikk-takket vaks og avtok i styrke som flo og fjære i havet, og rulla som ei bølge mot Edda heilt til eg nesten ikkje høyrde det lenger, før det kom tilbake til meg så veldig forsterka at det heldt på å sprengje trommehinnene mine.

«Edda», begynte eg og braut stilla, «la meg få seie noko heilt enkelt ...»

Ho svarte ikkje.

«Veit du kva eg er, Edda?»

«Nei, kva då?»

«Eg er eit tre, Edda, eit tre ...»

Denne korte samtalen fann sjølvsaugt utelukkande stad i mitt indre, og ikkje eit ord hadde eigentleg blitt ytra.

Edda drog morgonkåpa over beina sine og kraup lenger opp i senga. Så la ho hendene under hovudet og betrakta meg merksamt. Eg hadde gitt kva som helst for at ho skulle vende blikket mot eit anna punkt i rommet. Plutseleg fekk eg auge på ein stor blomsterbukett som stod i ein vase på ei hylle. Det redda meg.

Korleis hadde eg unngått å sjå blomstrane? Eg hadde jo sett i den retninga heile tida frå eg steig inn rommet. For å forvise meg om at dei verkeleg stod der, vende eg blikket bort ein augneblink og kikka deretter tilbake. Blomstrane stod framleis urørlege på plassen sin, store og raude ... Men korleis hadde det seg at eg ikkje hadde sett dei før? Eg begynte å tvile på tresjøvsikkerheita mi. Her hadde jo ein blomsterbukett dukka opp i rommet på ein plass der den ikkje fanst for ei stund sidan. Eg hadde vel framleis godt syn? Kanskje hadde restar av kraftløyse og mørke blitt verande att i kroppen, sirkulerande gjennom det nye indre lyset som skyer på ein elles klår himmel, kanskje stengde dei for synet mitt når

dei passerte, slik skyene plutsleg skjermar for sola og skuggelegg delar av landskapet.

«Så vakre dei blomstrane er», sa eg til Edda.

«Kva slags blomstrar?»

«Dei der borte, på hylla ...»

«Kva slags blomstrar?»

«Dei vakre, raude georginane ...»

«Kva slags georginar?»

«Kva meiner du med 'kva slags georginar'?»

Eg reiste meg og styrta fram til hylla. Over ein stabel med bøker låg det slengt eit raudt sjal. I same augneblink som eg strekte ut handa for å forvise meg om at det faktisk var eit sjal, var det noko djupt inni meg som nølte, på same måte som då amatørbalansekunstnaren blei vankelmodig på toppen av pyramiden, svevande mellom talent og diletantisme. Eg hadde sikkert også nådd det høgaste punktet mitt. Heile problemstillinga innskrenka seg no til korleis eg skulle gå tilbake og sette meg i stolen. Og kva skulle eg gjere etterpå, og kva skulle eg seie?

I nokre sekund var eg så perpleks overfor dette problemet at eg ikkje klarte å utføre den minste bevegelse. Liksom svinghjula til ein motor ved høg hastigheit ser ut til å stå stille, fekk den djupe fortvilninga meg til å stå stiv som ein statue. Tikk-takka frå bestefarsuret klikka høgt og nagla meg fast med små spikrar av lyd. Med stor møde klarte eg å bryte meg ut av urørlegheita.

Edda låg framleis i same stilling på senga og betrakta meg med stille forundring. Ein skulle tru at ei vondsinna makt fekk tinga til å verke så vanlege som mogleg slik at eg skulle verke så ukomfortabel som mogleg. Ja, det var dette eg hadde å kjempe mot, det var dette som var så uforsonleg mot meg: det vanlege uttrykket til tinga.

I ei verd så til dei grader nøyaktig blei kvart initiativ overflødig, for ikkje å seie umogleg. Det som fekk blodet til å banke i hovudet på meg, var at Edda ikkje kunne vere noko anna ei kvinne med velkjemt hår, blålilla auge og eit smil i munnvikene. Kva kunne eg gjere med ei så streng nøyaktigheit? Korleis

kunne eg for eksempel få henne til å forstå at eg var eit tre? Ei storslått, enorm krone av greiner og lauv, akkurat som eg kjende det på innsida, måtte sendast gjennom lufta med immaterielle, formause ord. Og korleis skulle eg ha klart å gjere det?

Eg gjekk fram til senga og lente meg mot treramma. Hendene mine utstrålte ein slags tryggleik, som om sjøve kjernen i alle bekymringane mine no låg i dei. Og no då? Mellom Edda og meg stod den same rusande, klåre lufta, uhandgripeleg og tilsynelatande substanslaus, men som like fullt husa alle dei kreftene eg ikkje kunne gjere noko med. Titals kilo med tvil, timelange stiller, prøvingar og trengsler av kjøtt og blod, alt dette fekk plass i det elendige mellomrommet utan å avsløre den minste svarte nyanse og den skuggefulle materien det inneheldt. Avstandane i verda var ikkje slik eg såg dei med auga mine, korte og lett overkommelege, dei var usynlege, fylte av monster og blygheiter, fantastiske innfall og uventa gestar som – om dei for ein augneblink hadde tatt form i den materien dei

streva etter å bestå av – ville ha forvandla verda til ein forferdeleg katastrofe, eit enormt kaos fullt av ulykker og ekstatisk lykke.

Materialiseringa av dei tankane som fór gjennom hovudet mitt mens eg i denne augneblinken sat og såg på Edda, ville ha resultert i den enkle gesten som fall meg inn, nemleg å ta brevprensa på bordet (som eg såg i augnekroken, ein fornem mellomalderhjelmsom kvilte oppå papira) og kaste den på henne, med den umiddelbare konsekvensen at ein veldig blodstraum velta ut av brystet hennar, kraftig som frå ei fossande kran, og sakte fylte rommet med blod heilt til eg først kjende korleis den klissete, varme væska skvulpa kring føtene mine, deretter – som i dei amerikanske skrekkfilmene der ein rollefigur endar opp i eit hermetisk lukka rom mens vatnet stadig stig – korleis blodet med den salte og behagelege smaken nådde opp til munnen min og drukna meg ...

Mot min vilje begynte eg å bevege munnen og svelge tørt.

«Er du svolten?» spurde Edda.

«Eg ... Nei ... nei ... ikkje svolten. Eg tenkte berre på noko ... noko absurd. Fullstendig absurd.»

«Men sei det, då, ver så snill. Du har jo ikkje sagt eit ord sidan du kom, og eg har ikkje spurt deg om noko ... No sit eg her og ventar, ser du vel.»

«Veit du, Edda», begynte eg, «det er egentleg ganske enkelt, det kunne ikkje vore enklare ... Eg håpar du ikkje har noko imot at eg seier det, men eg er ...»

Eg hadde lyst til å halde fram med «eit tre». Men orda hadde mista sin verdi no når begjæret etter å drikke blod hadde komme over meg. Dei låg døde og visne på botnen av sjela mi, og eg var til og med forundra over at dei nokosinne hadde hatt ei meining.

Eg begynte på nytt.

«Jo, Edda, saka er den at eg ikkje har vore heilt frisk. Eg har kjent meg svak og elendig. Og nær-været ditt gjer meg alltid godt. Det er nok at eg ser deg ... Plagar det deg å høyre dette?»

«Ikkje i det heile ...», svarte ho og begynte å le.

No fekk eg verkeleg lyst til å utføre ei absurd, blodig, valdeleg handling og tok straks hatten min. «No går eg», sa eg. Straks etter var eg på veg ned trappa.

No herska det ingen tvil om at verda, som eg ved ein feil hadde hamna innanfor, aldri ville la meg bli eit tre og heller ikkje la meg drepe nokon slik at blod fossa fram i bølger. Alle ting, alle menneske, var innestengde i si eiga patetiske forplikting til å vere nøyaktig, ikkje anna enn nøyaktig. Til inga nytte hadde eg fått for meg at det stod ein vase med georginar der det berre låg eit sjal. Om verda var så avgrensa av den smålege nøyaktigheita si at den ikkje kunne tillate seg den luksusen det var å sjå sjalet som ein blomstervase, så mangla den evna til å endre seg det aller minste.

For første gong kjende eg kor trongt hovudet sat i kraniet: eit forferdeleg, smertefullt fangenskap.

XIV

Same hausten blei Edda sjuk og døydde. Alle dagane før dette, alle mine planlause vandringar, alt mitt strev og alle kvernande spørsmål blei foreina i ei einaste veke av smerte og lidning, slik det er når ei blanding av fleire substansar i ei væske med eitt kondenserer til ei sterk gift.

I andre etasje fall stilla endå ein oktav. Paul hadde funne ei gammal ytterjakke og eit slite slips i eitt eller anna skap og knytt slipset om halsen som ei renneløkke. Ansiktet hans var oskegrått og hadde eit tynt slør av søvnløyse.

«Ho hadde ei forferdeleg natt», sa han til meg. «I går spurde eg legen nok ein gong kva han trur, og han fortalde meg alt, heile sanninga. Det er

som om ein eksplosjon har oppstått i nyrene, sa han. Det er svært uvanleg at denne sjukdommen bryt ut så plutselig og blir så vondarta. Vanlegvis kjem den snikande med symptom som gir seg til kjenne lenge før tilstanden blir alvorleg. Dette er ein sann eksplosjon i nyrene, ein eksplosjon.» Han snakka raskt, men tok lange pausar, som om han mellom orda ville gi den akutte smerta tid til å blusse opp og bli fortært.

På kontoret var det blitt mørkt som i ei grotte; gamle Weber sat med nasen over hovudbøkene og gav seg hen til illusjonen om å ha masse arbeid å utføre. Kvar morgon kom legen med stille steg, og på vegen tok han med seg dei tre herrane Weber. Eg følgde etter mens eg snakka med Ozy. Det var lenge sidan vi hadde leika fantasileiken vår, og no hadde vore ei strålende moglegheit. Så fint det ville vore om vi kunne snakke om sjukdommen til Edda som om ingenting hadde skjedd!

På veg opp trappa tenkte eg på den eineståande moglegheita til å leike ein leik der Ozy bestem-

de og også Paul og gamle Weber var med. For ein gongs skuld kunne Ozy med den utstikkande brystkorga si verkeleg få regissere ei oppdikta scene. Då vi hadde komme opp til andre etasje, var eg nær ved å rope ut: «No er det nok! Det er over no. Paul heldt verkeleg maska på eit imponerande vis, og ein såg tydeleg korleis gamle Weber leid, men no er det nok, no er spelet over. Kjære Ozy, fortel dei at du ikkje vil halde fram ...» Men alt var for godt arrangert til at det kunne ta slutt då vi hadde komme opp trappa ...

Då legen gjekk inn til Edda, venta vi i rommet ved sida av, gamle Weber, Ozy og eg. Det var kanskje første gong i livet at gamle Weber forsøkte å beherske sterke kjensler. Med hovudet lent mot ryggstøtta sat han i lenestolen og såg ut gjennom vindauget med eit upersonleg, svevande blick, som om han verken visste eller forventet noko som helst. Etter ei lang stund reiste han seg, som ein stor skodespelar som vil tilføre rolla si ein original detalj, og gjekk fram til eit bilde på veggen for å studere det nærare. Men liksom ein stor skodespelar i den tragis-

ke monologen sin pressar røysta altfor hardt slik at den går over i eit komisk hyl og skapar spreidd latter, prøvde gamle Weber å spele rolla si med altfor stor ro, og effekten mista si kraft då han tromma fingrane irritert på ein stol, mens han liksom stod og betrakta bildet med hendene på ryggen.

Paul kom ut og tok handa mi: «Edda vil trefte deg. Gå stille og følg etter meg.»

Edda låg i dei kvite sengekleda med hovudet vendt mot vindaugget. Håret flaut ut over puta, blondare og tynnare enn før: Sjukdom kan utløyse slike subtile endringar. Blant tinga i rommet rådde ei slags kvit oppløysing, lyset var så sterkt at ansiktet til Edda forsvann i det.

Plutseleg snudde ho hovudet.

Det var altså sant ... Det vil seie, i denne augneblinken skjedde noko så dunkelt, klårt og overraskande i meg at det kunne vore ei sanning som kom utanfrå. Hovudet til Edda var på alle måtar identisk med elfenbeinshovudet frå febernettene mine. Likskapen var så svimlande at eg nær trudde at eg hadde

funne den nøyaktige forma til det gamle porselenshovudet der og då, slik ein konstruerer ein episode i ein draum med hastigheita til eit geværskot. Eg var no sikker på at noko valdeleg og vondt innan kort tid ville råke Edda. Også dette kan eg ha komme på seinare; når det gjeld Edda, var eg ikkje i stand til å skilje mellom det som kom frå meg, og det som kom frå henne.

Ho prøvde å møte blikket mitt, men var trøytt og lukka auga. Håret blotta panna som lys-te gul som voks. På nytt var eg hermetisk innkapsla av nærværet hennar, i det ho representerte no og i det nattlege deliriet mitt. Ikkje på ein einaste av vandringane mine, ikkje ved eit einaste møte hadde eg eigentleg tenkt på noko anna enn meg sjølv. Eg klarte ikkje å førestille meg eit anna menneske sin indre smerte eller eingong eksistensen til nokon andre. Dei personane eg såg rundt meg, var berre staffasje-figurar, like flyktige og sjellause som tinga, som husa og trea. Berre i Edda sitt nærvær kjende eg no for første gong at bekymringane mine kunne ta ei anna

retning, finne gjenklang i andre djup og i ein annan eksistens, og vende tilbake til meg som gåtefulle og urovekkande ekko.

Kven var Edda? Kva var ho? For første gong såg eg meg sjølv utanfrå, for i nærværet til Edda låg spørsmålet om meininga med livet mitt. Og i dødsaugneblinken skaka ho meg på det djupaste og san-naste; døden hennar var min død, og i alt eg har gjort sidan den gongen, i alt eg gjennomlever, blir urørlegheita i døden som ventar meg, projisert, kald og dunkel, slik som eg såg døden hos Edda.

Ved morgongry den dagen vakna eg tung som stein og blei sjenert då det stod nokon ved senga. Det var far min som hadde stått stille og venta på at eg skulle vakne. Då eg slo opp auga, gjekk han gjennom rommet og kom tilbake med eit kvitt vaskefat og ei vasskanne for at eg skulle vaske hendene. Med ei smertefull samantrekning rundt hjartet forstod eg kva det betydde.

«Vask hendene», sa far min. «Edda er død.»

Det duskregna ute, og det heldt fram med å regne i tre dagar. På dagen for gravferda var leirevellinga skitnare og meir aggressiv enn nokosinne, og regnet dreiv i byer mot tak og vindauge. Heile natta lyste det i andre etasje hos Weber i rommet der vokslusa brann.

På kontoret til gamle Weber var alt eit einaste rot, og møblane var flytta til sides slik at kista skulle ha plass til å komme forbi. Skiten kom inn i romma, triumferande og insinuerande som ein hydra med tusenvis av tentaklar. Eg såg den spreie seg utover veggane, klatre opp på menneska, gli oppover trappa og forsøke å komme seg opp i kista. Nede på kontoret blei plankegolvet blotta då korkmatta blei løfta av: Lange render av skit kom til syne og likna dei mørke furene i ansiktet til Samuel Weber. Rundt kalosjene hans steig gjørma sakte, men sikkert og trengde nok inn gjennom huda heilt opp til hjartet, skiten, tung, klissete. Det var gjørme og ikkje noko anna, det var golv og ikkje noko anna, det var lysestakar og ikkje noko anna. «Gravferda mi», hadde

Edda sagt til meg ein gong, «kjem til å bli ei einaste lang rekke av ting.»

Noko djupt i mitt indre kjempa vidare, som for å bevise at det fanst ei høgare sanning av gjørme, noko som var annleis enn gjørma sjølv, men til inga nytte. Identiteten min hadde for lenge sidan blitt etablert og stadfesta, og som vanleg gjorde den ikkje anna no enn å stadfeste seg sjølv: I verda fanst det ikkje noko utover gjørma. Det eg oppfatta som smerte i meg sjølv, var heilt enkelt den svake sydinga av gjørme, eit protoplasmaframspring forma til ord og resonnement.

Regnet rann ned i Paul som om han var ei botnlaus tønne, kleda rann over han, hendene rann ned og tyngde han slik at ryggen krøkte seg. Tårene rann i lange bekker over dei skitne kinna hans som regnvatn på ei vindaugsrute.

Sakte, sakte, balanserende på skuldrene til menneska, blei kista ført forbi Samuel Webers dampskip, forbi dei gamle hovudbøkene og blekkhorna og medisinflaskene som hadde dukka opp under stor-

reingjeringa av kontoret. Gravferda var ei einaste lang rekke av ting ...

Endå nokre hendingar førekom på denne sida av livet: Når ein på kyrkjegarden løfta den døde ut av kista, sveipt i eit kvitt laken, syntest ein stor blodfleck der.

Det var den siste og mest ubetydelege detaljen før kista blei senka under molda, som var varm og muggen og full av gule, gelatinmjuke, verkfylte kroppar.



XV

Når eg igjen tenker på desse tinga og forgjeves prøver å føre dei saman til noko eg kunne kalle min person, når eg minnest dei og plutselig er i kontoret til gamle Weber, der eg pustar inn mugg og lukta av gamle hovudbøker, berre for umiddelbart å forsvinne igjen og bli sittande og gruble over det gamle, smertefulle spørsmålet omkring korleis menneska lever livet sitt, nyttar seg av rom, for eksempel, eller kjenner seg som ein underleg kropp, forgreina som ein bregne og ustadig som røyk, eller som ei plutselig særskild lukt, som den djupt gåtefulle lukta av mugg; når hendingar og menneske opnar og lukkar seg som vifter inni meg, når handa mi forsøker å skrive ned desse merkeleg og uforståeleg enkle sanningane, då

kjenner eg for ein augneblink, som om eg var ein dødsdømt og i eit forsvinnande sekund, til skilnad frå alle andre, innsåg at eg skulle døy (og ønskte at kampen min var ulik alle andre kampar i verda, og at den ville lykkast å frigjere meg), då får eg ei vag aning av at eit nytt, ekte, varmt og autentisk faktum plutsleg skal stige fram frå alle desse tinga og klårt og tydeleg samanfatte meg som eit namn og slå ein unik og aldri tidlegare høyrte tone i meg, og den tonen ville vere meininga med livet mitt ...

Kva skulle grunnen elles vere til at denne straumen, så intim og likevel så fiendtleg, så nær og likevel så i opposisjon til å la seg temme, held fram i meg, denne straumen som av seg sjølv blir forvandla til ein visjon av Edda, av den bøygde ryggen til Paul Weber eller ein svært nøyaktig detalj av ei vasskran i ein hotellkorridor? Kvifor kjem minnet av Edda sine siste dagar så tydeleg tilbake no? Kvifor, for å stille spørsmålet på ein annan måte (og spørsmåla kan vekse kaotisk i tusen ulike retningar, som i leiken frå barndommen, då eg bretta eit papir med ein blekk-

flekk på og trykte hardt mot det for at blekket skulle spreie seg så mykje som mogleg, for deretter å kunne opne det og finne dei mest fantastiske og uventa forvrengingane av ei bisarr teikning), kvifor, for no å stille spørsmålet på nok ein måte, kjem *dette* minnet tilbake og ikkje eit anna?

Med kvart ubegripelege, men nøyaktige minne må eg dessutan slå fast, slik ein sjuk kjenner det når ei kraftig smerte overskygger dei tilfeldige, små ubehaga, som for eksempel at putene ligg feil, eller at medisinen er beisk, med kraftig smerte, altså, som omringar all tvil og bekymring, må eg erkjenne at kvart minne, same kor småleg og vagt det måtte vere, likevel er unikt i ordets mest kvardagslege betydning, at det har skjedd lineært i livet mitt, at kvart minne har ein bestemd karakter og ein presisjon som er utan moglegheit til å bli forandra eller til å avvike det minste frå denne presisjonen. «Slik blei livet ditt, slik – ikkje annleis», seier minnet, og dei orda rommar den enorme nostalgien i verda, hermetisk lukka i lyset og fargane sine, og ikkje eit einaste liv

kan utvinne noko anna enn bildet av ein nøyaktig banalitet. Dei orda rommar melankolien av å vere aleine og avgrensa i ei einsam, småleg og ufruktbar verd.

Eg drøyer at eg søv djupt i senga som eg har gått og lagt meg i. Rommet er det same, og tidspunktet er omtrent det same. Om marerittet for eksempel begynner midt på natta, plasserer det meg i nøyaktig det same mørket og den same stilla som herskar på dette tidspunktet. I draumen ser eg og kjenner kroppsstillinga mi, eg veit kva seng og kva rom eg søv i, draumen strekker seg som ei tynn hud over den verkelege kroppen min og over søvnen akkurat då. Slik sett kunne eg nesten seie at eg er vaken: Eg er vaken, men eg søv og drøyer at eg er vaken. Eg drøyer i den augneblinken søvnen min.

Og no er det som eg kjenner at søvnen djupnar, blir tyngre og vil dra meg ned. Eg vil vakne, og søvnen heng tungt på augnelokka og hendene. Eg drøyer at eg kastar på meg, at eg slår omkring meg, men søvnen er sterkare enn eg, og når eg har fekta

med armane ei stund, blir grepet rundt meg endå hardare og meir uthaldande. Då begynner eg å rope. Eg vil gjere motstand, eg vil vakne, eg slår meg sjølv så hardt eg kan, eg er redd for at søvnen skal dra meg ned så djupt at eg aldri skal klare å komme meg opp igjen, eg tiggjar om hjelp, ber om at nokon skal komme og riste meg vaken ...

Til slutt blir eg vekt av det aller siste, høgaste ropet mitt. Eg er plutseleg i mitt verkelege rom, som er identisk med det i draumen, eg ligg i same stillinga eg drøymde eg låg i, og tidspunktet er det same som då eg kjempa mot marerittet. Det eg ser omkring meg no, skil seg lite frå det eg nettopp såg, men det er ei kjensle av autentisitet i lufta, noko som omringar tinga og meg, slik ein plutseleg vinterfrost forsterkar alle lydar ...

Kva består kjensla mi av verkelegheit av? Av at livet som eg skal leve fram til neste draum, har komme tilbake. Minna og sorgene i noet tynger meg, og eg vil stå imot dei for å unngå å falle i søvnen deira og kanskje aldri klare å komme tilbake.

No kjempar eg i verkelegheita, eg ropar, tigg og ber om å få vakne, få vakne til eit anna liv, det verkelege livet mitt. Sant nok, det er midt på lyse dagen og eg veit kor eg er og at eg lever, men det manglar noko i alt dette, akkurat som i det forferdelege mærrittet mitt.

Eg fektar, eg ropar, eg kastar på meg. Kven skal vekke meg?

Den presise verkelegheita omkring meg drar meg stadig lenger ned, prøver å få meg til å gå under. Kven skal vekke meg?

Alltid har det vore slik, alltid, alltid.





Întâmplări în irealitatea imediată, som er den rumenske originaltittelen på denne boka, blei utgitt i 1936. Med *Hendingar i den umiddelbare verkelegheita* blir eit verk av Max Blecher (1909–1938) for første gong publisert på norsk. Omsettinga er gjort med den svenske omsettinga til Inger Johansson som grunnlag, og med hennar løyve. *Händelser ur den omedelbara överkligheten* blei utgitt i 2010 på Bokförlaget h:ström – Text & Kultur. Den engelske omsettinga ved Michael Henry Heim, *Adventures in immediate irreality* (2015), er også blitt konsultert. Takk til Sindre Ekrheim, som introduserte meg for Max Blecher, og takk til Inger Johansson, Oda Malmin, Linn Pedersen, Line Omland Eilevstjønn og Mari Reinholt Aas.

David Aasen
Oslo, 24. oktober 2023

BOKDESIGN: David Aasen
FRAMSIDEFOTO: Linn Pedersen (*Utfukt*, 2021)
SKRIFT: Baskerville 11/15 pkt
PAPIR: 115 g Munken Premium Cream
TRYKK & INNBINDING: Merkur Grafisk AS

ISBN 978-82-997710-5-4

Eksemplar av 100

Illustrasjonen på side 199 er henta frå
ei 1900-utgåve av André Theuriets *Frida*.

SLOW FIRE PRESS #05
KONTAKT: DAVID.ALLAN.AASEN@GMAIL.COM